



Møtebok frå  
landsmøtet i Noregs Mållag  
24. – 26. april 2026

## SAK 1 OPNING OG KONSTITUERING

Landsmøtet vart opna med felespel frå Erling Søyland, leiar i Asker Mållag.

### DENNE SAKA GJELD:

---

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

### 1.1 GODKJENNING AV INNKALLING

#### DESSE HADDE ORDET:

---

Peder Lofnes Hauge

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet godkjenner innkallinga.*

**Vedtak:**

***Landsmøtet godkjenner innkallinga.***

### 1.2 FASTSETJING AV LANDSMØTEFØRESEGNER

Framlegg til landsmøteføresegner:

§ 1 Straks saklista for landsmøtet er godkjend, kjem styret med framlegg om møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

§ 2 Når landsmøtet er sett, kjem styret med framlegg om fire til seks ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fullmaktsnemnd med ein frå styret eller skriarstova og to utsendingar. Representanten frå styret/skriarstova kallar nemnda saman. Fullmaktsnemnda skal sjå til at utsendingane er valde i samsvar med § 5.4 og § 5.6 i lov for Noregs Mållag av lag med utsendingsrett etter denne paragrafen, og at utsendingsfullmaktene er utferd av den som laget har gjeve mynde til dette. Nemnda skal gje landsmøtet melding om arbeidet sitt og tilråding om å godkjenna eller vraka fullmakter.

B Seks møteskriarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskrive frå møteskriarane si hand og underskrive innan 1. juli.

C Redaksjonsnemnd på fem medlemmer for fråsegner på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til fråsegner.
- 2) Forma framlegg til fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

D Redaksjonsnemnd på fem medlemmer for sak om arbeidsprogram.

F Røysteteljarar med varafolk.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelper ved styrebordet

- så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram skriftleg. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller hjelparen hans fører talelista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskiteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanlegfleirtal. Det er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskite ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanlegfleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg med å syna fastsett røystesetel. Vedtak vert fatta ved vanleg fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskep skal det røystast på ny. Ved røystelikskep for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatartil eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd vanleg fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanlegfleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.*

**Vedtak:**

***Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.***

### 1.3 VAL AV TILLITSOMBOD PÅ LANDSMØTET

Styret innstiller overfor landsmøtet til å velja desse tillitsomboda:

- 1 seks ordstyrarar
- 2 seks møteskrivarar
- 3 fem medlemer til redaksjonsnemnd for arbeidsprogram
- 4 fem medlemer til redaksjonsnemnd for fråsegner og økonomisaker
- 5 tre medlemer til fullmaktsnemnd

Styret innstiller på tillitsombod på styremøtet dagen før landsmøtet tek til. Framlegget blir lasta opp her elektronisk så snart innstillinga er klar.

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek tillitsombod på landsmøtet i tråd med innstillinga frå styret.*

### FRAMLEGG FRÅ STYRET:

#### REDAKSJONSNEMND FOR ARBEIDSPROGRAM:

---

Live Havro Bjørnstad (leiar)  
Rasmus Tennø Loe  
Elin Bay Eikemo  
Hallvard Kjelen  
Endre Helland Gujord (NMU)  
Frida Pernille Mikkelsen er skrivar for nemnda.

#### REDAKSJONSNEMND FOR FRÅSEGNER OG ANDRE SAKER:

---

Gunnhild Skjold (leiar)  
Astrid Marie Grov  
Vidar Johan Vartdal  
Øystein Lydik Idsø Viken  
Herman Mortensen (NMU)

Synnøve Marie Sætre er skrivar for nemnda.

#### FULLMAKTSNEMND:

---

Nora Tangen Aarskog (leiar)

Eline Bjørke

Tobias Christensen Eikeland

Erik Grov er skrivar for nemnda.

#### ORDSTYRARAR:

---

Sigrun Høgetveit Berg

Steinulf Tungesvik

Synnøve Marie Sætre

Vegard Foseide

Birgitta Lim Ersland

Åsmund Ormset

#### MØTESKRIVARAR:

---

Jógvan Helge Gardar

Frida Pernille Mikkelsen

Gro Morken Endresen

Tonje Thorstad Kildal

Ingar Arnøy

Per Henning Arntsen

***Vedtak:***

***Landsmøtet vedtek tillitsombod på landsmøtet i tråd med innstillinga frå styret.***

#### 1.4 FASTSETJING AV SAKLISTE

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.*

***Vedtak:***

***Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.***

## 1.5 FASTSETJING AV TIDSRISTAR

### DESSE HADDE ORDET:

---

Gunnhild Skjold

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Frist for å levera heilt nye fråsegner som landsmøtet må røysta over om skal realitetshandsamast: fredag klokka 14.00.*

*Frist for endringsframlegg til arbeidsprogram, fråsegner og økonomisaker: laurdag klokka 17.45.*

**Vedtak:**

***Frist for å levera heilt nye fråsegner som landsmøtet må røysta over om skal realitetshandsamast: fredag klokka 14.00.***

***Frist for endringsframlegg til arbeidsprogram, fråsegner og økonomisaker: laurdag klokka 17.45.***

### UTDELING AV NYNORSK LITTERATURPRIS

Litteraturprisen gjekk til Leander Djønné for boka *Alt et*. Redaktør Kjersti Instefjord frå Oktober tok mot prisen på vegner av prisvinnaren.

### UTDELING AV NYNORSK BARNELITTERATURPRIS

Barnelitteraturprisen gjekk til Therese Garshol for boka *Skarpe kantar*, og ho tok sjølv mot prisen. Eline Krøvel frå Samlaget gratulerte med prisen.

## SAK 2 LEIARTALEN

Innleiing ved leiar Peder Lofnes Hauge

## SAK 3 UNGDOMENS TALE

Innleiing ved leiar Sebastian Vinsent Natvik

### DESSE HADDE ORDET I FELLES ORDSKIFTE ETTER DEI TO TALANE:

- 132 - Turid Kjendlie, Trønderlaget
- 152 - Roar Madsen, Vefsn Mållag
- 156 - Endre Helland Gujord, Norsk Målungdom
- 136 - Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag
- 31 - Jon Låte, Fylkesmållaget Vikværingen
- 171 - Åse Kristin Ask Bakke, Løvebakken Mållag
- 102 - Vetle Einar Mikkelsen, Bergen Mållag
- 1 - Peder Lofnes Hauge, Styret

## SAK 4 SIDEMÅLSFORSØK MED MÅL OM MEIR KOMPETANSE

Innleiing ved professor **Øystein Vangsnes** følgd av panelsamtale med:

**Øystein Vangsnes**, professor i språkvitskap ved Universitetet i Tromsø, **Åse Kristin Ask Bakke**, utdannings- og forskningskomiteen, Arbeidarpartiet, **Anita Holm Cirotzki**, sentralstyret i Utdanningsforbundet og leiar i kontaktforum barnehage, **Hanne Mostervik Dalby**, kontaktlærer 9. trinn, Karlsrud skole, Oslo og **Yngve Haugen Mehl**, kontaktlærer 8. trinn, Karlsrud skole, Oslo

Leiar **Peder Lofnes Hauge** leia samtalen.

## SAK 5 ÅRSMELDING FOR 2024–2026

Innleiing ved styremedlem Kjetil Aasen

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Årsmelding for 2024–2026 vert godkjend.*

## DESSE HADDE ORDET:

---

84 - Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag

1 - Peder Lofnes Hauge, Styret

66 - Aslaug Marie Undheim, Dalane Mållag

125 - Jon Samuel Håbrekke, Fosna Mållag

**Vedtak:**

*Årsmelding for 2024–2026 vert godkjend.*

## SAK 6 REKNESKAPAR FOR 2024 OG 2025

Innleiing ved dagleg leiar Gro Morken Endresen

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising og Inga og Gjøa Lutros legat vert godkjende.*

**Vedtak:**

*Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising og Inga og Gjøa Lutros legat vert godkjende.*

## SAK 7 NOREG 2050 – SPRÅKPOLITIKK FOR FRAMTIDA

Innleiing ved Trine Østereng, rådgjevar for Tankesmien Agenda

## DESSE HADDE ORDET:

---

82 - Erlend Bakke, Hordaland Mållag

134 - Maja Myrvold, Nidaros Mållag

28 - Marit Aakre Tennø, Fylkesmållaget Vikværingen

167 - Herman Mortensen, Studentmållaget i Oslo

146 - Magne Aasbrenn, Fredrikstad Mållag

99 - Ove Sverre Bjørdal, Bergen Mållag

63 - Tommas Øyri Grøtterød, Rogaland Mållag

113 - Magritt Jarlsdotter Grimstad, Borgund Mållag

- 40 - Inger Johanne Sæterbakk, Oslo mållag  
156 - Endre Helland Gujord, Norsk Målungdom

## SAK 8 FRÅSEGNER

### DESSE HADDE ORDET:

- 152 - Roar Madsen, Vefsn Mållag  
156 - Endre Helland Gujord, Norsk Målungdom *Til saksførehavinga*
- 4 - Gunnhild Skjold, Styret  
102 - Vette Einar Mikkelsen, Bergen Mållag *Til saksførehavinga*
- 125 - Jon Samuel Håbrekke, Fosna Mållag  
140 - Astrid Serine Larsen Vetrhus, Troms og Finnmark Mållag  
4 - Gunnhild Skjold, Styret  
164 - Marianne Granheim Trøyflat, Valdres Mållag  
45 - Erling Søyland, Asker mållag *Til saksførehavinga*
- 4 - Gunnhild Skjold, Styret  
140 - Astrid Serine Larsen Vetrhus, Troms og Finnmark Mållag  
3 - Kjetil Aasen, Styret  
167 - Herman Mortensen, Studentmållaget i Oslo  
37 - Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag  
34 - Halvor Tjønn, Bærum Mållag  
86 - Stine Fjellkårstad, Hordaland Mållag *Replikk*
- 37 - Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag  
34 - Halvor Tjønn, Bærum Mållag *Replikk*
- 7 - Silje Natalie Luvåsen, Styret  
159 - Lauritz Dworak Senneseth, Norsk Målungdom *Replikk*  
136 - Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag *Replikk*
- 6 - Espen Tørset, Styret  
113 - Magritt Jarlsdotter Grimstad, Borgund Mållag  
134 - Maja Myrvold, Nidaros Mållag  
6 - Espen Tørset, Styret *Replikk*
- 82 - Erlend Bakke, Hordaland Mållag  
118 - Vidar Johan Vartdal, Ørsta mållag  
157 - Sigrid Sofia Grip Skovly, Norsk Målungdom  
35 - Tone Dahl, Oslo mållag *Replikk*
- 159 - Lauritz Dworak Senneseth, Norsk Målungdom  
45 - Erling Søyland, Asker mållag  
159 - Lauritz Dworak Senneseth, Norsk Målungdom  
149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag  
164 - Marianne Granheim Trøyflat, Valdres Mållag  
45 - Erling Søyland, Asker mållag  
135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag *Replikk*
- 31 - Jon Låte, Fylkesmållaget Vikværingen  
136 - Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag  
84 - Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag

## ENDRINGSFRAMLEGG:

---

### 1 Noreg 2050 - Linje 36

Linje 36 og 37 per no: Det er uholdbart, og i strid med lova. Det er på tide at staten utviklar eigne skriveprogram til bruk i skulen. Endringsforslag: Det er uholdbart, og i strid med lova. Samtidig får desse store internasjonale selskapa høvet til å samla inn store mengder data om elevane. I denne samanhengen heng språkleg sjølvråderett og digital sjølvråderett tett saman. Det er på tide at staten stør opp om skriveprogram og annan programvare med open kjeldekode og god nynorsk stavekontroll. Slik sikrar vi nynorskelevane sine språklege og digitale rettar.

**#17** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

125 - Jon Samuel Håbrekke, Fosna Mållag

### 1 Noreg 2050 - Linje 36

Selskapa som leverer programvare ignorerer å ta dette på alvor.

**#18** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

4 - Gunnhild Skjold, Styret

### 1 Noreg 2050 - Linje 36

Det er uholdbart, og i strid med lova. Det er på tide at staten stør opp om skriveprogram og annan programvare med open kjeldekode og god nynorsk stavekontroll. Slik sikrar vi nynorskelevane sine språklege og digitale rettar.

**#2** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

102 - Vetle Einar Mikkelsen, Bergen Mållag

### 1 Noreg 2050 - Linje 55

Linje 55 no: at staten utviklar eigne skriveprogram til bruk i skulen. Endringsforslag: at staten stør opp om initiativ som utviklar skriveprogram med open kjeldekode og god nynorsk stavekontroll til bruk i skulen

**#19** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

4 - Gunnhild Skjold, Styret

### 3 Brot på språklova må få konsekvensar - linje 104

Kutt frå line 104 til og med 119. Fråsegna vert då slik: Sidan 1930 har vi hatt lover som skal sikre at det nynorske skriftspråket blir nytta i statleg forvaltning. Vi har hatt mållovene frå 1930 og 1980, og i 2021 fekk vi ei ny språklov. Med mållova frå 1980 fekk vi reglar som sette klare krav til fordelinga mellom nynorsk og bokmål i allment tilgjengelege tekstar frå statsorgan som dekkjer heile landet. Slik er det framleis med den nye språklova, uttrykt slik i § 13: «Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.» Dette er ein god regel, men etterlevinga hos statsorgana er mindre god. Språkrådets rapport frå tilsynet med språklova viste at berre 22 av 168 statlege verksemder som det vart ført tilsyn med, oppfylte krava til veksling mellom nynorsk og bokmål i 2024. Dette er svært langt unna å vere godt nok. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at brot på språklova må få konsekvensar. Tida er komen for å greie ut kva som vil vere tenlege sanksjonar, og deretter innføre dei så fort som mogleg. Staten er ikkje komen i mål i dag, og det er diverre ingenting som talar for at målet vil vere nådd før 2030. Det gjev

difor lite meining å kaste bort tid med å vente på året 2030. Landsmøtet meiner det er sjølvstakt at Noregs Mållag vert involvert i utgreiingsarbeidet. Målet med sanksjonar må vere å plassere ansvaret for vekslinga mellom nynorsk og bokmål der det høyrer heime, hos administrativ og politisk leiing i staten, og ikkje å hengje ut eller plassere ansvar hos vanlege statstilsette. Sanksjonane er ikkje mål i seg sjølve, men eit verkemiddel for å få på plass rutinar og dugleik hos statsorgana til å etterleve språklova i praksis. Berre slik kan målsetjingane i lova bli røyndom.

**#5** [Sendast nytt styre] [Redaksjonelt]  
165 - Kari Bjørke, BUL Oslo

3 Brot på språklova må få konsekvensar - linje 106

Eg vil be redaksjonsnemnda om å sjå på korleis fråsegna kan kortast (vesentleg) ned: dette gjeld særleg frå ca. linje 105 - 119. Eg er redd dei fleste mottakarne vil ramle av før dei kjem til det viktige?

**#7** [Sendast nytt styre] [Redaksjonelt]  
37 - Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag

5 Dag og Tid må få rettferdig mediestøtte - linje 176  
Redaksjonell endring: Fjerne "støtta er ikkje er"

**#8** [Sendast nytt styre] [Redaksjonelt]  
165 - Kari Bjørke, BUL Oslo

6 Fritak på avvegar - linje 206

faktafeil som må rettast opp: det er opplæringsforskrifta § 9-21 og ikkje opplæringslova som regulerer dette.

**#12** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]  
143 - Øystein A. Vangsnes, Tromsø Mållag

6 Fritak på avvegar - linje 206

I § 9-21 i opplæringslova står reglane for fritak frå vurdering i norsk sidemål. Ingen av reglane seier at eit anna morsmål enn norsk automatisk gir eleven rett til fritak. Tromsø mållag føreslår slikt tillegg: § 1-11 spesifiserer vilkåra for fritak i skriveopplæring i sidemål og gjeld elevar med opplæring i samisk, kvensk eller finsk, norsk teiknspråk eller særskilt språkopplæring.

**#20** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]  
4 - Gunnhild Skjold, Styret

6 Fritak på avvegar - linje 206

Endre til: Det finst ikkje reglar i lov eller forskrift som seier at....

**#15** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]  
149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

9 Dialekttapet i Noreg - linje 273

Heilskapleg endringsframlegg, fremja av Inger Johanne Sæterbakk, Rasmus Tennø Loe og Eline Bjørke: Meir dialekt i dialektparadiset Noreg!! dialektparadiset Noreg høyrer dialektene heime på alle samfunnsområde: i barnehagane og skulane, rundt middagsborda, på radio og TV, på universiteta og på Stortinget. NRK Super syner fram dialektmangfaldet for ungane, Synne Vo og Tobias Steen bruker talemåla sine med den største sjølvfølga når dei syng, og i ein typisk norsk film kan ein vente å høyre talemål frå alle kantane av landet.

Dialektene har gode vilkår i Noreg. Det er ein demokratisk rett å bruke sitt eige talemål. Dialektmangfaldet er likevel under press. Fleire av dialektene våre er utsette for stor påverknad frå bokmål og talemåla i dei store byane. Trugsmålet mot dialektene er spesielt tydeleg på Austlandet, både på flatbygdene og i dalføra. Denne utviklinga må snu. Dialektmangfaldet i Noreg har ein uvurderleg kulturell verdi. Noregs Mållag meiner at den beste måten å styrkje dialektane på, er å styrkje nynorsken. Det nynorske skriftspråket er tufta på tanken om at alle dialekter er like mykje verde, og er slik det beste bolverket som finnast mot utviklinga i retning mot bokmålsnære talemål. I tillegg foreslår landsmøtet til Noregs Mållag desse tiltaka: - Styresmaktene må løyve pengar til språkbadtiltak, som festivalar med dialektfokus og dialektleirar- Innlesne standardtekstar på bussar og anna kollektivtransport skal vere på den lokale dialekta- Lokal dialekt og nynorsk må brukast i barnehagane i heile landet. - Noregs Mållag vil stø lokallag i arbeid som dokumenterer og fremjar lokale dialektord

**#16** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

45 - Erling Søyland, Asker mållag

9 Dialekttapet i Noreg - linje 273

Endra overskrifta til "Ta tak i talemålstapet i tide"

**#14** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

143 - Øystein A. Vangsnes, Tromsø Mållag

9 Dialekttapet i Noreg - linje 274

Tromsø mållag stør fleire av intensjonane i framlegget til fråsegn. Likevel meiner me det legg til grunn ein for stor tru på at det er mogleg å stoppa og/eller reversera dialektskifte og -endingar, og me føreslår difor ei kortare, meir prinsipiell og mindre lada fråsegn. Framlegget vårt er slik: Dei norske dialektane er ein viktig del av den immaterielle norske kulturarven. Dei var òg grunnlaget for gjenreisinga av norsk som skriftspråk, og nynorsk er uløyselig knytt til det norske dialektmangfaldet. Dette mangfaldet er under sterkt press. I dalane på Austlandet føregår det eit regelrett dialektbyte mange stader. Andre stader – på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg – endrar talemåla seg meir gradvis, men ofte slik at sentralaustnorske og bokmålsnære trekk erstattar tradisjonelle og ofte nynorsknære trekk. Landsmøtet i Noregs mållag meiner at dialektskifte og dialektendingar må løftast i det offentlege ordskiftet. Større merksemd og medvit rundt dette emnet kan bidra til at prosessane kan ta ei anna retning enn dei har no. Det vil òg gagna det nynorske skriftspråket.

**#10** [Ikkje vedteke] [Redaksjonelt]

61 - Nora Tangen Aarskog, Mållaget i Kristiansand

9 Dialekttapet i Noreg - linje 280

Endra frå "ordforrådet elles endrar seg frå høst til haust, vann til vatn, aua til øye osv." til "ordforrådet elles endrar seg frå haust til høst, vatn til vann, aua til øye osv."

**#11** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

164 - Marianne Granheim Trøyflat, Valdres Mållag

9 Dialekttapet i Noreg - linje 287

Erstatt siste setning med: Mange tiltak kan vera aktuelle, til dømes dialektleir, festivalar med dialektfokus, forteljarstunder i barnehagar og innsamling av dialektord.

**#6** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

136 - Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag

12 Læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarar - linje 391

[omskrive framlegg med tillegg; line 391 - slutt]Det er framleis for dårleg tilgang på læremiddel for nynorskopplæring for vaksne innvandrarar. Det svekkjer undervisingstilbodet og verkar til å undergrava språkpolitikken i nynorskområde. Mangelen på læremiddel kan føra til at kommunar som har valt nynorskopplæring, går attende til bokmål. Det kan òg hindra at nye kommunar går over til nynorsk. Ei veikare nynorskopplæring kan dessutan medverka til at elevane får eit dårlegare utgangspunkt for å læra norske talemål. Noregs Mållag vil so snart som råd ta naudsynte steg for å sikra at det kjem fullgode og oppdaterte læremiddel, medrekna fritt tilgjengelege nettressursar, for slik nynorskopplæring, på dei nivåa som er i vanleg bruk kommunane. Arbeidet må innebera: - å halda kontakt med aktuelle fagmiljø og forlag, - å sikra finansiering frå styresmaktene, og - å syta for å få nyskrive eller sett om det som trengst av tekstar.

**#13** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

107 - Hedda Håberg, Førde Mållag

12 Læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarar - linje 392

Føye til ordet læringsressursar i tillegg der det står læremiddel. Då famnar ein både nettressursar og ev. anna materiell som ikkje går under læremiddel. Fråsegna blir då: Det er framleis for dårleg tilgang på læremiddel og læringsressursar for nynorskopplæring for vaksne innvandrarar. Det svekkjer undervisingstilbodet og verkar til å undergrava språkpolitikken i nynorskområde. Mangelen på læremiddel og læringsressursar kan føra til at kommunar som har valt nynorskopplæring, går attende til bokmål. Det kan òg hindra at nye kommunar går over til nynorsk. Ei veikare nynorskopplæring kan dessutan medverka til at elevane får eit dårlegare utgangspunkt for å læra norske talemål. Noregs Mållag vil so snart som råd ta naudsynte steg for å sikra at det kjem fullgode og oppdaterte læremiddel og læringsressursar for slik nynorskopplæring, på dei nivåa som er i vanleg bruk kommunane. Arbeidet må innebera: å halda kontakt med aktuelle fagmiljø og forlag, å sikra finansiering frå styresmaktene, og å syta for å få nyskrive eller sett om det som trengst av tekstar.

## SAK 9 ARBEIDSPROGRAM FOR 2026–2030

Innleiingar ved nestleiar Live Havro Bjørnstad og tidlegare leiar Ola E. Bø

### DESSE HADDE ORDET:

- 150 - Berit Rekve, Mediemållaget Til saksførehavinga
- 82 - Erlend Bakke, Hordaland Mållag Til saksførehavinga
- 84 - Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag Til saksførehavinga
- 21 - Karsten Johannsen, Buskerud Mållag
- 162 - Stina Ringdal Strøm, Studentmållaget i Bergen
- 61 - Nora Tangen Aarskog, Mållaget i Kristiansand
- 149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag
- 172 - Martin Thomas Horsch, Ås Mållag
- 11 - Anne Berit Rækken, Hadeland dialekt- og mållag
- 47 - Einar Søreide, Telemark Mållag
- 6 - Espen Tørset, Styret
- 18 - Bjørn Karsrud, Nord-Aurdal Mållag
- 76 - Siri Klokkestuen, Etne Mållag
- 82 - Erlend Bakke, Hordaland Mållag

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag  
103 - Anne Lise Grøm, Øygarden Mållag  
28 - Marit Aakre Tennø, Fylkesmållaget Vikværingen  
146 - Magne Aasbrenn, Fredrikstad Mållag  
133 - Oliver Hovden, Trønderlaget  
    37 - Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag *Replikk*  
115 - Kenneth Langvatn, Giske Mållag  
89 - Rasmus Tennø Loe, Bergen ungdomslag Ervingen  
140 - Astrid Serine Larsen Vetrhus, Troms og Finnmark Mållag  
163 - Vulfila Fodnes Hamre, Studentmållaget i Bergen  
37 - Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag  
32 - Inger Vederhus, Bærum Mållag  
    135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag *Til saksførehavinga*  
156 - Endre Helland Gujord, Norsk Målungdom  
22 - Ingebjørg Rivedal, Buskerud Mållag  
    135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag *Til saksførehavinga*  
29 - Vegard Troøyen Foseide, Fylkesmållaget Vikværingen  
79 - Bjørg Karin Dysjaland, Vindafjord Mållag  
45 - Erling Søyland, Asker mållag  
167 - Herman Mortensen, Studentmållaget i Oslo  
43 - Lene Johansen, Oslo mållag  
84 - Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag  
131 - Øystein Lydik Idsø Viken, Trønderlaget  
40 - Inger Johanne Sæterbakk, Oslo mållag  
44 - Tobias Eikeland, Oslo mållag  
136 - Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag  
    4 - Gunnhild Skjold, Styret *Replikk*  
149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag  
132 - Turid Kjendlie, Trønderlaget  
99 - Ove Sverre Bjørdal, Bergen Mållag  
142 - Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø Mållag  
110 - Erlend Haugen Herstad, Naustdal Mållag  
7 - Silje Natalie Luvåsen, Styret  
157 - Sigrid Sofia Grip Skovly, Norsk Målungdom  
104 - Synne Solberg, Sogn og Fjordane Mållag  
16 - Olav Haraldseid, Fron mållag  
165 - Kari Bjørke, BUL Oslo  
107 - Hedda Håberg, Førde Mållag  
6 - Espen Tørset, Styret  
2 - Live Havro Bjørnstad, Styret

## HELSINGAR

Olav Øyehaug Opsvik, direktør Nynorsk kultursentrum  
Frida Pernille Mikkelsen, redaktør Norsk Barneblad

## ENDRINGSFRAMLEGG:

---

**#30** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

Innleiing - linje 15

Erstatte "alt for mykje bokmål" med "alt for lite av språket sitt"

**#41** [Sendast nytt styre] [Redaksjonelt]

39 - Jan-Erik Måløy, Oslo mållag

Innleiing - linje 15

rette 'alt for' til 'altfor'

**#97** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

22 - Ingebjørg Rivedal, Buskerud Mållag

Innleiing - linje 17

Slett setningen "Me har framleis..." og erstatt med "Difor er det viktig å styrke dialektane."

**#12** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

89 - Rasmus Tennø Loe, Bergen ungdomslag Ervingen

Innleiing - linje 27

Endre frå "I 2050 skal me vera 1 million nynorskbrukarar, og det skal vera like enkelt å vera nynorskbrukar som bokmålsbrukar" til "I 2050 skal me vera 1 million aktive nynorskbrukarar, og det skal vera like enkelt å vera nynorskbrukar som bokmålsbrukar"

**#31** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

Innleiing - linje 27

Legg til "minst" slik at det blir "i 2050 skal me vera minst 1 million"

**#81** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

11 - Anne Berit Rækken, Hadeland dialekt- og mållag

Innleiing - linje 28

Dialektmangfoldet skal være levende og engasjerende. Knytta opp mot visjonen i linje 27/28.

**#34** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

Nynorsklyft i opplæringa - linje 69

legg til "at lærarstudentane blir rusta til å bruke nynorsk"

**#2** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

81 - Steinulf Tungesvik, Hordaland Mållag

1.0 Organisasjon - linje 73

Årsmøtet i Hordaland Mållag gjer framlegg om at landsmøtet i Noregs Mållag tek inndesse to kulepunkta under hovudkapitlet «Organisasjon» i arbeidsprogrammet for 2026-2030: Noregs Mållag skal: • styrkja arbeidet med saker som gjeld rett og plikt til nynorsk etter opplæringslova og språklova, og samordna dette arbeidet med lokallag, fylkeslag og yrkesmållag • ha heiltidstilsette som har ansvaret for opplæringslovsaker og språklovsaker

**#113** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

82 - Erlend Bakke, Hordaland Mållag

1.0 Organisasjon - linje 73

Dei tilsette i Noregs Mållag som har ansvaret for opplæringslovsaker og språklovsaker, skal ha stillingsnemningar som omtalar det ansvaret.

**#35** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

1.1 Lokallaga - linje 94

Legg til "dialekter og språkleg mangfald" etter "nynorsken"

**#106** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

140 - Astrid Serine Larsen Vetrhus, Troms og Finnmark Mållag

#### 1.1 Lokallaga - linje 95

Tillegg på slutten av linja: "... Noregs Mållag er avhengig av både tillit og kompetanse lokalt, og det er viktig at heile landet er representert i organisasjonen."

#### **#77** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

#### 1.1 Lokallaga - linje 101

Stryk heile punktet

#### **#78** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

#### 1.1 Lokallaga - linje 102

Stryk heile punktet

#### **#20** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

#### 1.1 Lokallaga - linje 107

Stryka linje 107 og 108.

#### **#111** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

157 - Sigrid Sofia Grip Skovly, Norsk Målungdom

#### 1.1 Lokallaga - linje 109

Endre punktet til 'skipa eit nettverk med mål om å styrkja og hjelpa fram dialektene'

#### **#73** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

37 - Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag

#### 1.1 Lokallaga - linje 110

Plassering: Nytt punkt etter linje 109  
Legg til nytt punkt: • stø lokallaga i arbeidet med å styrka statusen til lokale dialektar, særleg i område der dialekta er under press

**#22** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

1.1 Lokallaga - linje 115

Stryka heile linje 115

**#82** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

1.2 Fylkeslaga - linje 124

L. 124-125: Stryk "kan fungera som sterke lokale vaktbikkjer som både", slik at punktet vert: "gje fylkeslaga skulering og informasjon slik at dei kan gje støtte til lokallaga, men også driva viktig målarbeid på fylkesnivå"

**#84** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

1.2 Fylkeslaga - linje 135

stryk punktet

**#107** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

140 - Astrid Serine Larsen Vetrhus, Troms og Finnmark Mållag

1.4 Aktivitet - linje 161

Legg til "og målrørsla" på slutten, slik at punktet blir: "stø særleg dei laga som treng det mest, i randsonene og andre område som er viktige for nynorsken og målrørsla"

**#109** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

140 - Astrid Serine Larsen Vetrhus, Troms og Finnmark Mållag

1.4 Aktivitet - linje 169

Setja inn "i Noreg" slik at punktet blir: "vidareutvikla samarbeidet med mindretals-/minoritetsspråk i Noreg og ute i verda, mellom anna gjennom aktiv deltaking i det europeiske språknettverket NPLD"

**#15** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

29 - Vegard Troøyen Foseide, Fylkesmållaget Vikværingen

1.4 Aktivitet - linje 170

Nytt punkt mellom linje 170 og 171: Skipe til ein internasjonal språkkonferanse

**#36** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

1.5 Norsk målungdom - linje 190

Legg til punkt: samarbeida med Norsk Målungdom om korleis studentar i ungdomsorganisasjonen kan få sidemedlemskap i yrkesmållag som har saksfelt som samsvarer med studieretninga

**#85** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

1.6 Informasjon - linje 204

Stryk

**#86** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

1.6 Informasjon - linje 205

Stryk

**#87** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

1.6 Informasjon - linje 207

Stryk

**#89** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

1.6 Informasjon - linje 208

Stryk

**#88** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

1.6 Informasjon - linje 209

stryk

**#102** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

93 - Håkon Tverdal, Odda Mållag

1.6 Informasjon - linje 211

Etter linje 211: «Noregs Mållag skal vurderer å utvikla eller ta i bruk digitale løysingar (t.d. ein medlemsapp) som forenkler medlemsdialogen, kontingentbetaling, gåvegjeving og administrasjon for det enkelte medlemmet.»

**#37** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

27 - Ole Jan Borgund, Fylkesmållaget Vikværingen

1.6 Informasjon - linje 214

Stryk «inkludert vurderer ny logo».Vi meiner den logoen vi har no, både er god og fungerer bra.(Forslag frå Jon Låte og Ole Jan Borgund, Fylkesmållaget Vikværingen)

**#98** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

22 - Ingebjørg Rivedal, Buskerud Mållag

2.1 Sosiale medium - linje 235

Nytt punkt: kurse lokallaga i å bruke sosiale medium.

**#90** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 - Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

## 2.1 Sosiale medium - linje 239

Stryk

### **#5** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

33 - Per Ivar Vaagland, Bærum Mållag

## 2.2 Digitale tenester - linje 245

Framlegg frå Bærum Mållag: line 245 bytt ut "ein ettertanke" med "eit påheng"

### **#53** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

37 - Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag

## 2.2 Digitale tenester - linje 251

Endra punktet frå:• krevja at offentlege nettsider og digitale tenester hugsar språkvalet som er gjort av ein brukar. Dei nasjonale innloggingsportalane må snakka saman om språket til brukarentil:• krevja at offentlege nettsider og digitale tenester hugsar språkvalet som er gjort av ein brukar. Retten til å velja nynorsk må fylgja brukaren på tvers av offentlege digitale tenester, ikkje berre i kvar einskild teneste

### **#63** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

44 - Tobias Eikeland, Oslo mållag

## 2.2 Digitale tenester - linje 257

Erstatte punktet på line 257 om Digital Norway med:"arbeida for at Digital Norway har tips om korleis ein kan implementere nynorsk i tenester, og lovfesta språkkrav og -rettar, som ein del av kurs- og skuleringstilbodet."Grunngjeving: Det er viktigare at medlemmane i Digital Norway blir skulerte i viktige språkrettar og -krav enn at sjølve tilboda er på nynorsk.

### **#56** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

162 - Stina Ringdal Strøm, Studentmållaget i Bergen

## 2.2 Digitale tenester - linje 260

arbeida for at dei store journalføringssystema innanfor helsevesenet, som DIPS Arena og Helseplattforma, stør nynorsk rettskriving

**#17** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

136 - Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag

2.3 Språkteknologi og KI - linje 269

denne utviklinga må koma båe dei norske skriftspråka til gode, spesielt nynorsk.

**#108** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

136 - Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag

2.3 Språkteknologi og KI - linje 283

endr frå: «saman med relevante aktørar stilla spørsmål og finna svar på kva som skjer med normeringa av språket vårt når den største tekstprodusenten er ei maskin»til: «saman med relevante aktørar greia ut om konsekvensane for normeringa av skriftspråka våre i ei tid når maskinene tek over som hovudprodusentar av tekst»[merknad: det viktigaste poenget her er å endra «språket vårt» i eintal til «skriftspråka våre» i fleirtal]

**#21** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

44 - Tobias Eikeland, Oslo mållag

2.3 Språkteknologi og KI - linje 285

2.3. Språkteknologi og KI, line 285Nytt kulepunkt:- skal identifisere og fremja bruksområde av kunstig intelligens og språkmodellar som er konstruktive og positive for nynorsken og dialektene.GrunngjevingSjølv om det er einskilde problematiske sider med å bruke kunstig intelligens, er det mange bruksområde osm kan vera positive for nynorsken og nynorskbrukarar. Ting som då kan vera relevante å undersøkje eller tipse om er t.d. lagre ein standard-instruksjon (prompt) som er "Uansett kva språk eg skriv til deg på, skal du svara på korrekt normert nynorsk". Dette gjer nynorskbrukarar møter nynorsk mykje meir, og gjer at taleassistentar i det daglege, t.d. Gemini, alltid svarar på nynorsk, og skriv eventuelle meldingar/SMS på nynorsk i staden for bokmål. Slike instruksjonar kan òg innehalde formval som enkel eller dobbel konsonant, j-former og a, e eller kløyvd infinitiv.Eit anna bruksområde er omsetjing av omfattande programvare med menneskeleg kvalitetssjekk.

**#61** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

37 - Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag

2.3 Språkteknologi og KI - linje 285

Plassering: Nytt punkt etter linje 284Legg til nytt punkt:• arbeida for at offentleg finansierte språkressursar, tekstkorpus og språkteknologiske verktøy blir gjorde tilgjengelege for utvikling av nynorsk språkteknologi

**#29** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

39 - Jan-Erik Måløy, Oslo mållag

3.0 Opplæring - linje 290

Framlegg: få inn ei eller to setningar med ein offensiv ordlyd om at mållaget arbeider for å tryggje at elevar i barneskulen frå så tidleg som mogleg og jamt og trutt i opplæringa møter tekstar på sidemål. Det er viktig at det ikkje vert ignorert eller utsett. Dersom elevane vert eksponerte for sidemål frå så tidleg som mogleg og gjennom heile grunnskulen, kan det vere med på å byggje ned fordomane mot sidemål (les: nynorsk).

**#64** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

128 - Nils Ulvund, Sunndal Mållag

3.0 Opplæring - linje 290

ARBEIDSPROGRAM Framlegg til punkt i arbeidsprogrammet på høveleg plass: Noregs Mållag skal arbeide for at den såkalla Holmlia-modellen skal brukast på undomsskular skular spesielt der det er blanding av bokmåls- og nynorskelevar. Bakgrunn og tankegang bak : • Lovgjeving o.a. formelle føringar poengterer at vi har to jamstilte norske skriftspråk, det fører til at argumentasjonen i arbeidet kan/bør justerast. • Derfor har ALLE rett til å møte nynorsken – og dialektane. Det fører til at iskulen må dette poengterast: Alle elevane (spesielt f.o.m. 9. kl.) skal få møte nynorsk som undervisningsspråk (vart kalla Åndalsnes/Holmlia-modellen for 20 år sidan). Da får dei oppleve nynorsk som u.v.språk i eit fag eller to, bm-elevane får styrka sidemåls læringa si og nyn.elevane opplever at språket deira blir bruka. Bm-elevane får meire språkleg toleranse og nyn.elevane får betre språkleg sjølvtilitt. Dette gjeld først og fremst i kommunar der det er få/ingen elevar med nynorsk som hovudmål. • Tiltak for nynorsken blir likevel ulike i ulike område, t.d. er Odda-modellen i praksis heilt uaktuell i kommunar der dei fleste skulane/elevane har bokmål som hovudmål. (Sunndal er med her.) Og Holmlia-modellen er uaktuell i Odda. Som lærar bruka eg nynorsk som undervisningsspråk i naturfag og matematikk i fleire år på ungdomsskulen i Sunndal utan at det vart formalisert. Elevane o.a. på skulen såg berre fordelar med det). Kvifor er det ikkje tala om dette lenger? Med det styrka formelle grunnlaget vi no har i lovgjevinga, burde det vera heilt logisk med dette i eit par fag – kanskje tre. Eg har oppfatta at Ø. Vangsnes har skriva om dette i Klassekampen.

**#4** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

33 - Per Ivar Vaagland, Bærum Mållag

3.0 Opplæring - linje 292

Framlegg frå Bærum Mållag: Line 292: stryk "og på". (Opplæring på nynorsk kan oppfattast som at læraren skal tala nynorsk.)

**#38** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 - Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

### 3.0 Opplæring - linje 292

Legg til: Bokmåselevane treng òg meir nynorsk.

#### **#9** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

43 - Lene Johansen, Oslo mållag

### 3.0 Opplæring - linje 303

Det finst ikkje opplæringsressursar på nynorsk tilpassa vaksne menneske som av ein eller annan grunn har valt vekk nynorsk tidlegare i livet, og om no ynskjer å legge om skriftmålet sitt til nynorsk. Noregs Mållag skal søke om samarbeidspartnarar for å få på plass eit nettbasert kurs der vaksne kan få tilpassa, sjølvdrevne kurs som skal hjelpe dei å gjere ei slik omlegging. Lokallaga kan lage møteplassar for deltakarar på slike kurs.

#### **#10** [Ikkje vedteke] [Tilrådd vedteke]

103 - Anne Lise Grøm, Øygarden Mållag

### 3.1 Barnehage - linje 313

3.1 Barnehage- endringsforslag:Linje nr. 313-315:«Noregs mållag arbeider for at nynorsk og dialekt skal vera ein del av leiken, SONGEN OG HØGTLESINGA, og at born i område der nynorsk er opplæringsmål i skulen skal få verta kjente med språket før dei startar på skulen.»

#### **#96** [Vedteke] [Tilrådd avvist]

84 - Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag

### 3.1 Barnehage - linje 314

Framlegg til endring i setning frå line 314:".... og at born i område der nynorsk er opplæringsmål i skulen skal møta nynorsk som det vanlege hovudmålet i song og høgtlesing i barnehagen."Grunngjeving:Den noverande ordlyden "... skal få verta kjente med språket ... " er lite forpliktande. For at borna skal kunna få ein god start i nynorsk-skulen må dei oppleva nynorsken som det vanlege bruksmålet alt frå barnehagen.(ordlyden på line 313 "... nynorsk og dialekt skal vere ein del av leiken i barnehagen..." er også tilsvarande veik, og ein kunne ynskt seg ei betre formulering, men eg hoppar over dette, etter som det er vanskeleg å regulera leiken til borna i eit arbeidsprogram.)

#### **#74** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

104 - Synne Solberg, Sogn og Fjordane Mållag

### 3.1 Barnehage - linje 319

Kreve at rammeplanen stiller tydelege krav til barnehagar om å vareta nynorsk, dialektkultur og tradisjon, t.d. gjennom feiring av nynorskdagen/nynorskveka, og ved å lese på nynorskbøker på nynorsk og bokmålsbøker på dialekt.

**#26** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

45 - Erling Søyland, Asker mållag

3.1 Barnehage - linje 327

Oppfordra barnehagar i heile landet til å arbeida aktivt for lokal tradisjonell dialekt, mellom anna ved å tilby kurs og anna støtte til tilsette.

**#115** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

2 - Live Havro Bjørnstad, Styret

3.1 Barnehage - linje 327

Oppfordre barnehagar i heile landet til å arbeide aktivt for lokal tradisjonell dialekt, og stø fylkeslaga i å skipa til inspirasjonsdagar for barnehagetilsette.

**#40** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

132 - Turid Kjendlie, Trønderlaget

3.1 Barnehage - linje 334

og stø fylkeslaga i å skipa til inspirasjonsdagar for barnehagetilsette.

**#33** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

39 - Jan-Erik Måløy, Oslo mållag

3.2 Skule - linje 349

Jamfør opplæringslova skal elevane møte tekstar på både målformene frå tidleg av. Då må vi tryggje at dette faktisk vert gjort og ikkje vert ignorert. Dette kan vere med på å byggje ned fordomane mot nynorsk, dersom ein vert bada i det frå ung alder. Framlegg til nytt kulepunkt, at mållaget skal arbeida for å tryggja at elevar faktisk vert eksponerte for sidemål frå så tidleg som mogleg i barneskulen.

**#3** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

92 - Elin Bay Eikemo, Odda Mållag

### 3.2 Skule - linje 361

Skriv om til: Arbeida for at kravet om at det må vera att 10 elevar med det vedtekte opplæringsmålet i klassen for at ein kan skipa parallellklasse, må koma attende

#### **#112** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

156 – Endre Helland Gujord, Norsk Målungdom

### 3.2 Skule – linje 361

Byta ut dette punktet med eit nytt eit: Arbeida for å fjerna retten til parallelle bokmålsklassar på nynorskkular.

#### **#57** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

37 – Kristofer Olai Ravn Stavsen, Oslo mållag

### 3.2 Skule – linje 369

Plassering: Nytt punkt etter linje 368  
Legg til nytt punkt: • arbeida for at elevar med nynorsk som hovudmål får klar og tydeleg informasjon om retten til opplæring på nynorsk, tilgang til nynorske læremiddel og digitale ressursar, og kva dei kan gjera dersom rettane ikkje blir oppfylte

#### **#28** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

45 – Erling Søyland, Asker mållag

### 3.2 Skule – linje 375

Ved samanslåing av skulekrinsar der minst éin av desse var nynorskkrins, må elevane få lovfesta rett til nynorskklasse uansett kor mange elevar dei er.

#### **#62** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

44 – Tobias Eikeland, Oslo mållag

### 3.2 Skule – linje 375

Nytt kulepunkt:- krevja at nasjonale rettleiande innhaldslister for litteratur og kultur i skulen inneheld minst 40 prosent nynorsk. Grunngeving: Det lyt vera ein monaleg større nynorskdelen i dag for at nynorsklærarar og -elevar har eit rimeleg utval å velja ifrå. Listene er rettleiande, men er òg frivillige å bruke, og då bør eit slikt krav rimeleg.

**#76** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

104 – Synne Solberg, Sogn og Fjordane Mållag

### 3.2 Skule – linje 375

Leggja til punkt:- arbeida for å få sidemålsopplegg inn frå 2. trinn på barneskulen. Dette skal vera i form av tekstlesing på nynorsk og opplegg om språkleg mangfald i Noreg.

**#93** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

84 – Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag

### 3.2 Skule – linje 375

Framlegg til nytt kulepunkt under line 349 «Noregs Mållag skal ....» og vidare Noregs mållag skal •greia ut korleis ein kan få innført nynorsk i skulekrinsar som i dag har bokmål. Både tidlegare nynorskområde og stader som ikkje har hatt nynorsk kan vera aktuelle. Eit slikt arbeid må ha minst eit 20-års perspektiv, og for å vinna fram må ein få til eit langsiktig samarbeid mellom krefter i barnehage, lokalmedia, målørsla, anna organisasjonsliv og engasjerte einskildpersonar for å byggja opp lokal velvilje for nynorsken og målsaka. Noregs mållag skal i arbeidsprogramperioden setja ned eit utval som skal arbeida med denne saka og koma med tilråding til vidare arbeid.

**#65** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

172 – Martin Thomas Horsch, Ås Mållag

### 3.3 Nynorsk for vaksne innvandrarar – linje 383

Noverande l. 382f: «Det er ei stor utfordring når nynorskkommunar gjev vaksne innvandrarar norskopplæring på bokmål.»Erstatte med: «Det er ei stor utfordring når vaksne innvandrarar – uansett kvar dei bur – ikkje får noka opplæring i nynorsk.»Etter l. 389 under «Noregs Mållag skal», tilleggje:» \* arbeida for eit nytt paradigme, som er at innvandrarar ikkje skal lære seg «Norsk bokmål» eller «Norsk nynorsk», men at dei skal lære norsk.»Etter l. 396 under same punkt:» \* På kurs som fører til C1-kompetansenivå er formålet å bli kompetent i alle skriftlege og munnlege språkregister, så alle må lære både bokmål og nynorsk. Det gjev ikkje mening å tilby bokmåls- eller nynorskkurs på C-nivå, berre norskkurs.»Etter l. 401, under «prioriterte tiltak», tilleggje:» \* arbeida for at det blir eit krav ved norskprøven som forutsetning til statsborgerskap (B1/B2), å ha nådd eit visst kunnskapsnivå i begge målformer»

**#99** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

22 – Ingebjørg Rivedal, Buskerud Mållag

### 3.3 Nynorsk for vaksne innvandrarar – linje 393

Legg til ein parentes som forklarar kva me meiner med språksituasjonen: «(nynorsk, bokmål og dialektane)»

**#105** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

136 – Jørgen Giorgio Bosoni, Nidaros Mållag

3.3 Nynorsk for vaksne innvandrarakar – linje 393

endr frå: [...] informasjon om den norske språksituasjonen i mottaktil: [...] sakleg og avbalansert informasjon om den norske språksituasjonen i mottak, på introduksjonsprogram, på kurs i norsk språk og samfunnskunnskap og på liknande tiltak.

**#39** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

3.4 Læremiddel – linje 404

Endre til: Elevar i norsk skule møter for lite nynorsk i klasserommet. Retten nynorskelevane har til å møte sitt eige språk (...)

**#42** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

3.4 Læremiddel – linje 412

Endre frå «hovudmålet til eleven skal vera standardinnstilling (...)» til «For nynorskelevane skal nynorsk vera standardinnstilling».

**#19** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

43 – Lene Johansen, Oslo mållag

3.4 Læremiddel – linje 416

krevja at alle læremiddel i alle fag, digitale og bøker, skal ha 50 prosent av innhaldet på nynorsk og 50 prosent av innhaldet på bokmål, slik at elevane ven seg til både målformane frå skulestart.

**#72** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

43 – Lene Johansen, Oslo mållag

3.4 Læremiddel – linje 416

Bytt ut «nynorsk- og bokmålsbøker» med læremiddel på både nynorsk og bokmål.

**#91** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 – Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

3.4 Læremiddel – linje 418

stryk pkt på linje 418-419

**#1** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

102 – Vetle Einar Mikkelsen, Bergen Mållag

3.4 Læremiddel – linje 422

Linje 422 per no: få staten til å utvikla eit eige skriveprogram til bruk i skulen  
Endringsforslag: få staten til å stø opp om initiativ som utviklar skriveprogram med god nynorsk stavekontroll til bruk i skulen

**#43** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

3.5 Lærarutdanningane – linje 431

Legg til etter «klasserom der nynorsk er opplæringspråket»: «Elevar med nynorsk som sidemål har store fordelar av å møte nynorsk i andre fag enn norsk»

**#6** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

33 – Per Ivar Vaagland, Bærum Mållag

3.5 Lærarutdanningane – linje 433

Framlegg frå Bærum Mållag: Line 433-434 Endre « læra vekk det nynorske skriftspråket, og til å læra vekk andre fag på nynorsk.»til: «undervise i det nynorske skriftspråket og nytte det i alle fag»

**#66** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

33 – Per Ivar Vaagland, Bærum Mållag

3.5 Lærarutdanningane – linje 439

Framlegg frå Bærum Mållag: Legg til: Formulering i rammeplanen for lærarautdanningane ((2011)om at «kandidaten meistrar norsk munnleg, norsk skriftleg både bokmål og nynorsk og kan bruke språket på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng» må ikkje fjernast slik framlegget til rammeplan av 2026 foreslår.

**#46** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

3.5 Lærarutdanningane – linje 444

Stryk punktet om at nynorskkompetansen til lærarstudentane skal vere synleg på vitnemålet.

**#47** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

3.5 Lærarutdanningane – linje 447

Legg til punkt: arbeida for at styresmaktene skal setje ned eit utval som skal greie ut korleis vi best kan ruste alle lærarstudentar til å bli gode nynorsklærarar

**#95** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

108 – Veronica Hauge, Gloppen mållag

3.5 Lærarutdanningane – linje 447

arbeide for at lærarar i norskfaget får kompensert for at det er tidkrevjande å vurdere elevar i hovudmål, sidemål og munnleg.

**#27** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

143 – Øystein A. Vangsnes, Tromsø Mållag

3.5 Lærarutdanningane – linje 452

innføra at lærarstudentar skal ha nynorsk som arbeidsspråk på studiet, slik at minst halvparten av skriftlege arbeidskrav på lærarutdanningane må leverast på nynorsk. Tromsø mållag meiner dette punktet blir for detaljstyrande og gjer framlegg om at det vert erstatta med følgjande punkt: syta føre at lærarstudentar får trening med nynorsk som reelt arbeidsspråk i lærarutdanningane og at nynorskkompetansen deira blir prøvd og vurdert slik at det syner att på vitnemålet.

**#50** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

### 3.5 Lærarutdanningane – linje 453

Legg til etter «halvparten av skriftlege arbeidskrav»: « og eksamensoppgåvene»

#### **#51** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

### 3.5 Lærarutdanningane – linje 453

Legg til etter «halvparten av skriftlege arbeidskrav»: «og halvparten av eksamensoppgåvene på fellesemne»

#### **#69** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

142 – Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø Mållag

### 4.1 Forsking – linje 477

Punktet er formulert svært omfattande og er for inngripande i korleis mellombelse stillingar og ulike type prosjekt i sektoren skal riggast.Framlegg: endre «for alle tilsette» til «for alle fast tilsette».Tromsø mållag

#### **#14** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

163 – Vulfila Fodnes Hamre, Studentmållaget i Bergen

### 4.1 Forsking – linje 479

Endre kulepunktet til: arbeida for meir fagfelleverdert forskning om situasjonen for nynorsk og dialektane, og anna fagfelleverdert forskning skrive på nynorsk

#### **#70** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

142 – Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø Mållag

### 4.1 Forsking – linje 479

Kutte siste del av setninga «og anna fagfelleverdert forskning skrive på nynorsk»Korleis skal Noregs mållag «arbeide for ... fagfelleverdert forskning skrive på nynorsk»? Me treng ikkje meine noko om kva språk forskarar skal bruke (men sjølv sagt arbeide for insentivordningar for bruk av nynorsk)Tromsø mållag

#### **#100** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

22 – Ingebjørg Rivedal, Buskerud Mållag

#### 4.1 Forsking – linje 483

Leggje til «og dialektar» slik at setningen blir «gjera forskning om nynorsk og dialektar kjend i våre kanalar»

#### **#13** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

163 – Vulfila Fodnes Hamre, Studentmållaget i Bergen

#### 4.1 Forsking – linje 484

Endre kulepunkt til: arbeida for at det vert skapt eit statleg insentiv til dei som vil publisera forskning om eller på nynorsk, og om norske dialektar.

#### **#25** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

143 – Øystein A. Vangsnes, Tromsø Mållag

#### 4.2 Høgare utdanning – linje 496

krevja at universitets- og høgskulesektoren må ha språkstrategiar for å fremja norsk og særleg nynorsk på sine institusjonar, både som fagspråk og som administrasjonsspråk. Fagskulane må ha ei sentral rolle i dette arbeidet. Tromsø mållag gjer framlegg om å endra dette til: krevja at alle universitets- og høgskuleinstitusjonar, inkludert fagskular, utarbeider språkbruksplanar som fremjar norsk og særleg nynorsk i tråd med språklova, og jamleg oppdaterer desse.

#### **#67** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

167 – Herman Mortensen, Studentmållaget i Oslo

#### 4.2 Høgare utdanning – linje 501

- Pensum i Examen Philosophicum skal liggja føre på nynorsk til same pris til same tid som bokmål og/eller engelsk.

#### **#71** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

142 – Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø Mållag

#### 4.2 Høgare utdanning – linje 503

Kutte heile kulepunktet. Å prøve å få oversyn over stadig skiftande pensum (og kva er no «pensum»?) er eit enormt arbeid og i vårt syn ein feil bruk av ressursar. Tromsø mållag

**#104** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

143 – Øystein A. Vangsnes, Tromsø Mållag

4.3 Norsk fagspråk – linje 511

at det vert sett i verk tiltak for å stogga frammarsjen til engelsk språk i sektoren. Tromsø mållag i samråd med Bærum Mållag føreslår å endra dette til: at det vert sett i verk tiltak for å unngå domenetap til engelsk og fremja parallellspråklegheit.

**#92** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 – Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

4.3 Norsk fagspråk – linje 516

stryk

**#75** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

142 – Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø Mållag

4.3 Norsk fagspråk – linje 523

Endre og utvide punktet til å bli slik: «norsk fagspråk og formidling skal vektleggast i samband med opprykk og ulike meritteringsordningar i høgare utdanning».

**#101** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

22 – Ingebjørg Rivedal, Buskerud Mållag

5.0 Kultur- og mediefeltet – linje 526

Legg til «og dialektar» i fyrste og andre setning slik at dei blir «Kultur- og mediefeltet gjev liv til nynorsk språk og dialektar. Når nynorsk og dialektar vert brukte i musikk, ...»

**#83** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

157 – Sigrid Sofia Grip Skovly, Norsk Målungdom

5.1 Film, tv og dataspel – linje 556

Legg til «for å kunna få statsstøtte» etter «på nynorsk». Jf. Liknande krav i Spania for katalansk, baskisk og galisisk.

**#58** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

37 – Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag

5.2 Pressa – linje 569

Plassering: Nytt punkt etter linje 568  
Legg til nytt punkt: • arbeida for at regjeringa greier ut dei språkpolitiske verknadene av den direkte og indirekte pressestøtta

**#59** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

37 – Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag

5.2 Pressa – linje 569

Plassering: Nytt punkt etter linje 568  
Legg til nytt punkt: • arbeida for å styrkja rammevilkåra for nynorske lokalaviser og lokalaviser som gjev nynorsk ein tydeleg plass i lokalsamfunnet

**#52** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

5.3 Lesing – linje 598

legg til «lese inn på nynorsk normaltalemål»

**#44** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

132 – Turid Kjendlie, Trønderlaget

5.3 Lesing – linje 600

og stø fylkeslaga i å skipa til inspirasjonsdagar for bibliotektilsette.

**#11** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

163 – Vulfila Fodnes Hamre, Studentmållaget i Bergen

5.3 Lesing – linje 608

Endre kulepunktet til: få i stand ei «Heile Noreg les nynorsk»-ordning, saman med Kulturdepartementet og/eller Kunnskapsdepartementet, der folkebiblioteka og andre etablerte litteraturformidlarar vert løyvd øyremerka middel til å utvide tilbodet av nynorskbøker og drive nynorsk litteraturformidling



**#103** [Vedteke] [Tilrådd vedteke]

22 – Ingebjørg Rivedal, Buskerud Mållag

6.0 Samfunnsliv – linje 641

Legg til «og dialekt» slik at setningen blir «I lokalsamfunnet kan nynorsk og dialekt fungera som eit felles uttrykk for identitet og tilhøyrse»

**#94** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

135 – Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Nidaros Mållag

6.2 Friviljuge organisasjonar – linje 683

stryk punktet på linje 683-684

**#110** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

6.3 Samarbeid med andre språkgrupper – linje 687

Endre overskrifta til «samarbeid med andre minoriserte språk i Noreg» og legg inn ein definisjon/ei forklaring av omgrepet i innleiinga under, til dømes (sjå elles Thingnes, 2020): Omgrepet «minorisert språk», heller enn «minoritetsspråk», får fram at statusen ikkje er ibuande i språket sjølv, men at statusen kan endra seg, og at nokon har makt til å endra han.

**#68** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

6.3 Samarbeid med andre språkgrupper – linje 701

Gjennomgåande framlegg om å bruke omgrepet «minoriserte språk» om både samiske språk, nasjonale minoritetsspråk, norsk teiknspråk og nynorsk. På line 246 i staden for «alle dei norske språka»På line 249 i staden for «dei norske minoritetsspråka»På line 688 i staden for «dei andre språkgruppene i Noreg»På line 701 i staden for «minoritets- og mindretalsspråk»

**#48** [Vedteke] [Tilrådd avvist]

133 – Oliver Hovden, Trønderlaget

7.2 Stat – linje 750

Stryka linja om språkminister og erstatta henne med:- arbeida for å styrkja Språkrådet og gi dei større makt for å tryggja god språkbruk i offentleg sektor

**#114** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

156 – Endre Helland Gujord, Norsk Målungdom

7.2 Stat – linje 753

Endra til: krevja at språklovbrot vert sanskjonerte med bøter

**#60** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

37 – Kristofer Olai Ravn Stavseng, Oslo mållag

7.2 Stat – linje 756

Plassering: Nytt punkt etter linje 755  
Legg til nytt punkt: • arbeida for at språkpolitisk måloppnåing blir ein fast del av tildelingsbrev, årsrapportar og styringsdialog med statlege verksemdar

**#54** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

149 – Eline Bjørke, Noregs Lærarmållag

7.2 Stat – linje 759

Endre til «arbeida for at Udir vert flytta til det nynorske kjerneområdet, t. D. Førde»

**#18** [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]

92 – Elin Bay Eikemo, Odda Mållag

7.2 Stat – linje 765

Språkvask så heile dokumentet får klarspråk.

## SAK 10 ØKONOMISAKER MED BUDSJETT FOR 2027 OG 2028

Innleiing ved dagleg leiar Gro Morken Endresen

## DENNE SAKA INNEHELD TRE VEDTAKSPUNKT:

10.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2028–2030

10.2 Årspengar for 2028 og 2029

10.3 Budsjet for 2027 og 2028

### 10.1 FRIKJØP AV LEIAR/STYREMEDLEMER FOR 2028–2030

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2028–2030 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i eit lønsspenn på 750 000–930 000 kroner. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.*

**Vedtak:**

***Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2028–2030 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i eit lønsspenn på 750 000–930 000 kroner. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.***

### 10.2 ÅRSPENGAR FOR 2028 OG 2029

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Årspengane for 2028 og 2029 blir sette til 340 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner. Nye medlemer betaler 200 kroner – og ved innmelding frå og med 1. oktober gjeld betalinga også for kalenderåret etter.*

**Vedtak:**

***Årspengane for 2028 og 2029 blir sette til 340 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner. Nye medlemer betaler 200 kroner – og ved innmelding frå og med 1. oktober gjeld betalinga også for kalenderåret etter.***

## 10.3 BUDSJETT FOR 2027 OG 2028

### DESSE HADDE ORDET:

- 81 – Steinulf Tunesvik, Hordaland Mållag  
63 – Tommas Øyri Grøtterød, Rogaland Mållag  
10 – Espen Tørset, Styret  
31 – Jon Låte, Fylkesmållaget Vikværingen

### ENDRINGSFRAMLEGG:

- #1 [Ikkje vedteke] [Tilrådd avvist]  
82 – Erlend Bakke, Hordaland Mållag

Oppfølging språklova (prosjekt): 30 i Framl. 28

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2027 og 2028 som er lagde fram med årsresultat på 180 000 kroner og -472 000 kroner.*

**Vedtak:**

***Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2027 og 2028 som er lagde fram med årsresultat på 180 000 kroner og -472 000 kroner.***

### HELSING

Videohelsing frå Kjersti Horn, teatersjef på Det Norske Teatret

Innleiingar ved professor emeritus Ola Mestad og tidlegare partisekretær og stortingsrepresentant (Ap) Martin Kolberg.

Desse hadde ordet:

92 – Elin Bay Eikemo, Odda Mållag

43 – Lene Johansen, Oslo mållag

81 – Steinulf Tungesvik, Hordaland Mållag

- Martin Kolberg, Gjest

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet i Noregs Mållag stiller seg bak Grunnlovsframlegg 4 (2023–2024) om å gje norsk språk grunnlovsvern og bed Stortinget om å vedta framlegget til ny § 120 b, som lyder: Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. Bokmål og nynorsk er jamstilte og likeverdige norske skriftspråk.*

**Vedtak:**

***Landsmøtet i Noregs Mållag stiller seg bak Grunnlovsframlegg 4 (2023–2024) om å gje norsk språk grunnlovsvern og bed Stortinget om å vedta framlegget til ny § 120 b, som lyder: Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. Bokmål og nynorsk er jamstilte og likeverdige norske skriftspråk.***

## UTMERKINGAR

Runar Gudnason fekk målprisen 2026 for omfattande, elegant og nyskapande leik og bruk av nynorsk i populærkulturen.

Nils Ulvund og Liv Signe Navarsete vart utnemnde til heidersmedlemer for den ekstraordinære innsatsen dei har gjort for nynorsk på kvar sine område.

## SAK 12 STASJONSUNDERVISNING

Utsendingane var delte i fire grupper og fekk korte innleiingar om desse emna:

Språkteknologi på 1-2-3 v/ Matias Jentoft

Korleis vera aktivist i sosiale medium v/ Tonje Thorstad Kildal

Korleis arbeida med dialekt lokalt v/ Magne Aasbrenn

Korleis få nynorsk for vaksne innvandrara v/ Øystein Skjæveland

## SAK 13 VAL

Innleiing ved valnemndsleiar Marit Aakre Tennø.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

13.1 Val av styre

13.2 Val av valnemnd

13.3 Val av revisor

### 13.1 VAL AV STYRE

#### INNSTILLING FRÅ VALNEMNDA TIL STYRE FOR 2026–2028:

---

leiar	Peder Lofnes Hauge (AU)
nestleiar	Live Havro Bjørnstad (AU)
styremedlem	Kjetil Aasen (AU)
styremedlem	Espen Tørset
styremedlem	Gunnhild Skjold
styremedlem	Monika Haanes Waagan
styremedlem	Sebastian Vinsent Natvik 2026–2027, vald av NMU

vara	Karen Mjør
vara	Tommy Tverdal
vara	Silje Nathalie Luvåsen
vara	Jorunn Simonsen Thingnes

vara NMU	Johannes Rønning
vara NMU	Endre Helland Gujord

***Vedtak:***

***Styremedlemene vart valde ved akklamasjon.***

### 13.2 VAL AV VALNEMND

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vel Oddmund Løkensgard Hoel til leiar for valnemnda, med Inger Johanne Sæterbakk, Fredrik Heimsæter og Signhild Stave Samuelsen som faste medlemmer. Varafolk er i nummerert rekkjefølgje Eline Bjørke, Ingebjørg Røyhus Øyehaug og Erlend Herstad.*

**Vedtak:**

***Landsmøtet vel Oddmund Løkensgard Hoel til leiar for valnemnda, med Inger Johanne Sæterbakk, Fredrik Heimsæter og Signhild Stave Samuelsen som faste medlemmer. Varafolk er i nummerert rekkjefølgje Eline Bjørke, Ingebjørg Røyhus Øyehaug og Erlend Herstad.***

### 13.3 VAL AV REVISOR

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vel Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar AS til revisor for rekneskapsåra 2026 og 2027.*

**Vedtak:**

***Landsmøtet vel Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar AS til revisor for rekneskapsåra 2026 og 2027.***

### 1 NOREG 2050 – ÉIN MILLION NYNORSKBRUKARAR

---

*Nynorsken treng ikkje fleire festtalar. Nynorsken treng eit taktskifte i norsk språkpolitikk.*

Dei siste femten–tjue åra har nynorsken styrkt seg og står støtt på fleire område i samfunnet. Det har aldri vore skrive meir nynorsk enn i dag, og den politiske, sosiale og kulturelle aksepten er større enn nokon gong.

Språklova frå 2022 slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk. Likevel vert lova brote dagleg. Offentlege verksemder nedprioriterer nynorsk, digitale løysingar har bokmål som standard, og nynorskelevane manglar både læremiddel på nynorsk og lærarar som har kompetanse til å drive opplæring i og på nynorsk.

Ein meir offensiv språkpolitikk er mogleg. Walisisk har i dag om lag like mange språkbrukarar som nynorsk. Regjeringa i Wales har sett seg eit mål om at 1 million menneske skal snakke walisisk innan 2050, og det er sett av fleire titals millionar kroner til tiltaket. Tiltaka er konkrete, prioriteringane er tydelege, og med økonomiske løyvingar og strukturelle grep gjer dei språket meir synleg og meir brukt i kvardagen. Dei har mellom anna endra standardinnstillingane i programvare frå Microsoft på pc-ar i skulen og det offentlege til walisisk.

Noreg må la seg inspirere av Wales. Det er på tide at styresmaktene våre vågar å tenkje stort og nytt om språk. Heller enn å snakke om likebehandling av nynorsk og bokmål, må vi snakke om asymmetriske tiltak som favoriserer nynorsken, nettopp fordi det er det minst brukte språket. Nynorsken må få fordelaktige rammevilkår, slik at vi kan jamne ut det skeive tilhøvet mellom dei to norske skriftspråka.

Samfunnet vårt er allereie gjennomdigitalisert, og utviklinga skjer i eit veldig tempo. Dette får store følgjer for språkutviklinga i Noreg. Det er avgjerande viktig at norsk språkpolitikk blir styrt frå Stortinget, og ikkje frå hjørnekontor i California. Dei multinasjonale tek-selskapa har allereie for stor påverknad på det norske språket. Dette er ikkje eit ansvar som kviler på kulturministeren aleine. Noregs Mållag meiner at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Kunnskapsdepartementet i større grad må ta språkleg ansvar.

Mange norske elevar får lese- og skriveopplæringa si på datamaskiner utan fungerande nynorsk stavekontroll. Selskapa som leverer programvare tar ikkje dette på alvor. Det er uholdbart, og i strid med lova. Det er på tide at staten stør opp om skriveprogram og anna programvare med open kjeldekode og god nynorsk stavekontroll. Slik sikrar vi nynorskelevane sine språklege og digitale rettar.

Noreg treng eit nynorsk kulturløft. Noregs Mållag meiner det neste år må løyvast minst 50 millionar kroner til tiltak for nynorsk språk, litteratur, media og kulturformidling. Det må vere eit prinsipp at nynorskinstitusjonane deretter skal ha minst 3,5 prosent av kulturdelen på statsbudsjettet. Slik kan regjeringa trygge den norske kulturarven og styrkje nynorsk som ein demokratisk fellesarena inn i framtida.

Språklova gjev styresmaktene mandat til ein slik politikk. Ambisjonane i lova må følgjast opp med handling.

Noregs Mållag meiner

- at regjeringa må legge fram ein handlingsplan for jamstilling mellom nynorsk og bokmål, med konkrete tiltak som aktivt favoriserer, fremjar og styrkjer nynorsken
- at offisiell norsk språkpolitikk skal ha som ambisjon å auke talet på nynorskbrukarar
- at regjeringa må legge fram ein plan for norskspråkleg digitalisering

- at staten støt opp om initiativ som utviklar skriveprogram med open kjeldekode og god nynorsk stavekontroll til bruk i skulen
- at det blir løyvd pengar over statsbudsjettet til eit nynorsk kulturløft
- at staten utviklar eigne skriveprogram til bruk i skulen

## 10 NOREG TRENG EIN NASJONAL TILTAKSPLAN FOR NYNORSK I NÆRINGSLIVET

---

Næringslivet er ein sentral arena for språkbruk i Noreg, men dårlege rammevilkår svekkjer høvet til å bruke nynorsk i privat sektor. Sjølv om språkval handlar både om identitet og språkleg vilje, ligg hovudproblemet i dag i system, struktur og verktøy som i praksis motarbeider nynorsk som næringslivsspråk.

Nynorsk næringsliv rapporterer at tilhøva er utfordrande i ei rekkje bransjar, og mange opplever at det er vanskelegare å drive verksemd på nynorsk enn på bokmål og engelsk. Programvare manglar nynorskstøtte, digitale verktøy favoriserer bokmål, og store internasjonale teknologiselskap leverer løysingar som overser språket vårt.

Bedrifter som vel å bruke nynorsk, må ta ekstra kostnader og omvegar som bokmålsbedrifter slepp. Når språkvalet blir eit spørsmål om ressursbruk, fell likeverdet bort. Slik kan det ikkje vere.

To tredelar av norske arbeidstakarar jobbar i næringslivet. Likevel står dette samfunnsområdet utan eigne språkpolitiske verkemiddel. Staten manglar òg grunnleggande kunnskap om kor mange verksemder som faktisk brukar nynorsk, og kva slags barrierar dei møter. Skal språklova verke etter føremålet, må ho òg omfatte næringslivet og sikre at nynorsk og bokmål kan brukast på like vilkår.

Andre språksamfunn, som Wales, Irland og Catalonia, viser at det er mogleg å tenkje større. Der får næringslivet tilgang til alt frå gratis språktenester og støtteordningar for språkomlegging til samordna press mot teknologigigantar for å sikre synlegheit for eigne språk.

Slike grep viser kva som er mogleg når styresmaktene set kraft bak ambisjonane, og når næringslivet blir rekna som ein naturleg del av språkpolitikken, ikkje ei sidegrein.

Noreg treng eit tilsvarande språkpolitisk skifte. Nynorsk i næringslivet handlar ikkje berre om identitet – det handlar om demokrati, digital suverenitet og like konkurransevilkår. Bedrifter som vil bruke nynorsk, kan ikkje møtast med barrierar, ekstra tidsbruk eller høgare kostnader.

Språklova pålegg det offentlege å fremje nynorsk. Difor må staten sørgje for språklege rammevilkår som gjer nynorsk og bokmål likeverdige i næringslivet, og språkvalet til bedriftene kostnadsnøytralt.

Noregs Mållag meiner

- at regjeringa må legge fram ein tiltaksplan for å styrke nynorsk i næringslivet
- at styresmaktene må sikre norsk språksuverenitet i digitaliseringa, gjennom språklege rammer og tydelege krav til teknologigigantar som opererer i den norske marknaden
- at regjeringa må etablere ei tilskotsordning for bedrifter som treng støtte til omsetjing, språkvask, omprofilering eller tekniske tilpassingar for å bruke nynorsk

- at regjeringa må styrkje kunnskapsgrunnlaget om nynorsk i næringslivet gjennom eit forskingsprogram og eit årleg «språkbarometer» for nynorsk i næringslivet

## 10 SPRÅKLOVA MÅ FÅ SANKSJONAR

---

Sidan 1930 har vi hatt lover som skal sikre at det nynorske skriftspråket blir nytta i statleg forvaltning. Vi har hatt mållovene frå 1930 og 1980, og i 2021 fekk vi ei ny språklov.

Med mållova frå 1980 fekk vi reglar som sette klare krav til fordelinga mellom nynorsk og bokmål i allment tilgjengelege tekstar frå statsorgan som dekkjer heile landet. Slik er det framleis med den nye språklova, uttrykt slik i § 13: «Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.»

Dette er ein god regel, men etterlevinga hos statsorgana er mindre god. Språkrådets rapport frå tilsynet med språklova viste at berre 22 av 168 statlege verksemder som det vart ført tilsyn med, oppfylte krava til veksling mellom nynorsk og bokmål i 2024. Dette er svært langt unna å vere godt nok.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at brot på språklova må få konsekvensar. Tida er komen for å greie ut kva som vil vere tenlege sanksjonar, og deretter innføre dei så fort som mogleg. Staten er ikkje komen i mål i dag, og det er diverre ingenting som talar for at målet vil vere nådd før 2030. Det gjev difor lite meining å kaste bort tid med å vente på året 2030. Landsmøtet meiner det er sjølvstakt at Noregs Mållag vert involvert i utgreiingsarbeidet.

Målet med sanksjonar må vere å plassere ansvaret for vekslinga mellom nynorsk og bokmål der det høyrer heime, hos administrativ og politisk leiding i staten, og ikkje å hengje ut eller plassere ansvar hos vanlege statstilsette. Sanksjonane er ikkje mål i seg sjølve, men eit verkemiddel for å få på plass rutinar og dugleik hos statsorgana til å etterleve språklova i praksis. Berre slik kan målsetjingane i lova bli røyndom.

## 4 NYNORSKELEVANE TRENG EIN NY DEFINISJON AV LÆREMIDDEL

---

*Opplæringslova forsterkar dei digitale utfordringane for nynorskelevane. Slik kan me ikkje ha det.*

For mange nynorskelevar er den digitale skulekvardagen i stor grad dominert av bokmål. Dette går utover kvaliteten på lese- og skriveopplæringa, og bryt med retten til opplæring på eige språk.

Då Stortinget vedtok ny opplæringslov i juni 2023, vart det ikkje lovfesta krav om nynorskutgåve av læringsressursar utvikla til bruk i skulen, slik ei samla målrørsle kravde. I staden ville stortingsfleirtalet undersøkje korleis det står til med nynorske læringsressursar.

I 2025 var rapporten klar, og denne viser tydeleg at nynorskelevane møter altfor mykje bokmål i skulekvardagen sin. Det finst mange færre læringsressursar på nynorsk enn på bokmål, og både elevar og lærarar synest det er vanskeleg å finna fram til innhald på nynorsk.

Overgangen frå språkleg regulerte lærebøker til digitale ressursar har ført til at nynorskelevane får lesa og høyra mindre nynorsk. Likevel er ikkje utviklinga ei naudsynt følgje av digitaliseringa, men ein konsekvens av manglande språkleg regulering av den nye skulekvardagen. Utfordringa er at storparten av appane og programma som vert brukte i skulen, fell utanom kravet om språklege parallellversjonar fordi dei ikkje vert rekna som læremiddel.

Dagens definisjon av læremiddel fangar ikkje opp breidda av ressursar som vert brukte i skulekvardagen. Tilbodet for nynorskelevane er ikkje godt nok, og difor må det stillast språkkrav til fleire av ressursane som vert brukte i skulen.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at definisjonen av læremiddel i opplæringslova bør vera slik:

«Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast i opplæringa, og som dekkjer delar av læreplanen i faget.»

Ein utvida og oppdatert læremiddeldefinisjon vil sikra at krav til språk gjeld for mykje meir av det skriftlege innhaldet i skulekvardagen. Slik kan nynorskelevane få den nynorske skulekvardagen dei treng for å bli trygge nynorskbrukarar i framtida.

## 10 DAG OG TID MÅ FÅ RETTFERDIG MEDIESTØTTE

---

Mediestøtteordningane skal sikre mangfald i media. Dei kan ikkje føre til at den einaste nynorske riksavisa kjem dårlegare ut enn avisene ho konkurrerer med.

Dag og Tid er Noregs einaste nynorske riksavis. Avisa har høg eigenproduksjon, ho har ikkje byråstoff, og ho fyller ei viktig rolle i norsk ålmente. Samstundes er ho i vekst, med rekordopplag og eit sterkt abonnementgrunnlag. Pressestøtta skal sikre mediemangfald og sterke uavhengige kvalitetsaviser. Samtidig gir dagens ordning skeive rammevilkår, også mellom aviser som opererer i same segment.

I 2025 fekk Dag og Tid om lag åtte millionar kroner i produksjonsstøtte, medan Morgenbladet fekk 31,5 millionar. Så seint som i 2018 fekk dei to avisene same støtte. Over dei tre siste åra har skilnaden vakse til 59,4 millionar kroner. At skilnaden no er så stor, kjem ikkje av journalistisk kvalitet eller samfunnsverdi, men av eit teknisk teljekriterium om 20 redaksjonelle årsverk utførte av fast tilsette.

Ein uavhengig rapport har peikt på at skiljet mellom Dag og Tid og Morgenbladet skaper ei uheldig konkurransevriding mellom to publikasjonar som konkurrerer direkte, og som er nokså like i frekvens, breidd og ålmenn profil. Då er det openbert at støtteordninga ikkje verkar etter føremålet sitt. Pressestøtta skal byggje mediemangfald, ikkje svekkje det.

For Noregs einaste nynorske riksavis er situasjonen alvorleg fordi ein stor del av støtta er ei særskild nynorskstøtte. Det er svært bra at denne støtteordninga finst. Samtidig er ho ikkje knytt til faste reglar og utrekningar. Det gjer støtta utrygg og vilkårleg.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at nynorsk treng sterke institusjonar i den nasjonale offentlegheita. I ei tid der nynorsk taper terreng på digitale flater, og der mediemakta i aukande grad er samla hos dei store mediekonserna, må staten føre ein meir offensiv politikk for å sikre reelt mediemangfald og språkleg jamstilling. Dag og Tid må få rammevilkår som står i forhold til rolla avisa har og den konkurransesituasjonen dei er i.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner

- at mediestøtteordninga må endrast slik at ho ikkje diskriminerer den einaste nynorske riksavisa
- at nynorskstøtta til Dag og Tid må gjerast føreseieleg og knytast til faste reglar
- at regjeringa bør greie ut dei språkpolitiske verknadane av pressestøtta

## 10 FRITAK PÅ AVVEGAR

---

Kvar fjerde 10.-klassing får ikkje karakter i sidemål, viser tal frå Utdanningsdirektoratet. Det er ei stor utfordring for den obligatoriske sidemålsopplæringa i skulen.

Sidemålsordninga har vore rygggrada i norsk språkpolitikk sidan ho vart vedteken av Stortinget i 1907. For å sikre reell språkleg likestilling og gje alle elevar fridomen til å velje kva skriftspråk dei vil bruke, har vi obligatorisk sidemålsopplæring med karakter i skulen.

Når ein fjerdedel av norske elevar ikkje får karakter i sidemål, knekk denne rygggrada saman.

Fritaksordninga i skulen må fungere slik ho er meint å gjere. Ho skal gje dei elevane som verkeleg treng det, eit fritak fordi det ikkje lèt seg gjere å meistre både nynorsk og bokmål. Er det verkeleg slik at kvar fjerde tiandeklassing ikkje har evne til å lære seg nynorsk og bokmål?

I november 2025 fortalde Kaveh Rashidi om si oppleving med fritak frå vurdering i sidemål i NRK Leseklubben:

«På skulen fekk eg fritak frå nynorsk, fordi foreldra mine ikkje er fødde i Noreg. Ein rar regel. Eg var jo skuleflink, og hadde dei same føresetnadene som klassekameratane mine til å lære det.»

Rashidi si oppleving liknar mange andre sine forteljingar om kvifor nettopp dei fekk fritak frå sidemål.

Det finst ikkje reglar i lov eller forskrift som seier at eit anna morsmål enn norsk automatisk gir eleven rett til fritak.

Vedtaket om fritak frå vurdering i sidemål må følgje sakshandsamingsreglane. Mellom anna må saka vere så godt opplyst som mogleg.

Eit fritaksregime ute av kontroll vatnar ut sidemålsordninga i norsk skule.

Noregs Mållag meiner at

- det må førast tilsyn med fritaksvedtaka
- Utdanningsdirektoratet må gje tydeleg rettleiing på korleis ein handsamar fritakssøknadar
- Kunnskapsdepartementet må vurdere om lova gir for stort rom til fritak

## 10 ME TRENG KARAKTER I SIDEMÅL!

---

Landsmøtet i Noregs Mållag er kjent med at regjeringa vurderer å redusera talet på karakterar i norskfaget, og vi krev at sidemålskarakteren står fast. Å ha eigen karakter i sidemål viser at bokmål og nynorsk er like viktige språk i Noreg. Det er ei konkret og tydeleg stadfesting av språkleg likestilling. Å fjerna karakteren vil senda eit signal om at sidemålet tel mindre, og slik svekkja både likestillinga og respekten for mindretalsspråket nynorsk.

Vi har hatt sidemålsordninga i 120 år, og ho har vore heilt avgjerande for at nynorsken har blitt eit samfunnsberande språk. Sidemålsordninga med eigen karakter er jamstillingsvedtaket frå 1885 i praksis. Ho sikrar at alle elevar får læra både bokmål og nynorsk, og i ein karakterstyrt skule må denne kompetansen vera synleg på vitnemålet. Eigen karakter i sidemål er utslagsgjevande for at arbeidet med sidemål blir prioritert av lærarar og elevar.

Noregs Mållag vil åtvare regjeringa mot å forhasta seg. Kunnskapsdepartementet har ikkje henta inn kunnskap om kva effekt det har hatt at dei fjerna sidemålskarakterane i 8. og 9. klasse og på vg1 og vg2. Denne kunnskapen vil vi

oppmoda statsråden om å skaffa. Har reduksjonen av karakterar hatt innverknad på kor mykje arbeidet med sidemål blir prioritert i skulen? Kva har det hatt å seia for kunnskapen og kompetansen elevane tileignar seg? Og for arbeidet lærarane gjer med sidemål? Det er all grunn til å tru at denne endringa har bidrege til å svekkja sidemålet i skulen.

Språklova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremja nynorsk. Å fjerna eigen karakter i sidemål vil svekkja sidemålet sin plass i skulen, og såleis nynorsken sin plass i samfunnet. Å fjerna eigen karakter i sidemål strir med sjølve føremålet med lova.

Difor forventar landsmøtet i Noregs Mållag at norske elevar framleis blir eksplisitt prøvde i sidemål og at denne kompetansen står på vitnemålet. Hald på sidemålskarakteren!

## 8 LAT SPRÅKRÅDET VERA SPRÅKRÅDET

---

Kulturdepartementet har sett i gang ei utgreiing om å slå Språkrådet saman med mellom anna Filminstituttet og Kulturdirektoratet. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner ei slik samanslåing vil vera svært uheldig for norsk språk.

Språkrådet ligg under Kulturdepartementet, men det viktige arbeidet Språkrådet gjer, er på tvers av alle sektorar og strekkjer seg langt utover kulturfeltet. Landsmøtet i Mållaget er svært uroa for at ei samanslåing vil svekkja Språkrådet og vera til hinder for ei forståing av at språkarbeid er viktig på alle samfunnsområde.

Språkrådet forvaltar språket og utøver statens språkpolitikk, og norsk språkpolitikk er tydeleg på at nynorsk må fremjast på alle samfunnsområde. Nynorsk står etter måten sterkt i kulturlivet, og den viktigaste innsatsen trengst på mange andre område, som i skule og barnehagar, lærarutdanningane, i academia, i næringslivet og i offentleg forvaltning. For å få til det, er det behov for eit sterkt og sjølvstendig språkråd.

Noregs Mållag kan vanskeleg sjå at eit stort kulturdirektorat vil vere den rette institusjonen for å fremja norsk språk, og særleg nynorsk, på samfunnsområde som ligg langt unna den tradisjonelle kultursektoren. Vi treng at Språkrådet kan tala med den faglege og politiske autoriteten som eit sjølvstendig statleg forvaltningsorgan i språksaker har. Det er enklare for ein direktør i eit sjølvstendig språkråd å nå fram til allmenta enn for ein avdelingsleiar i eit større kulturdirektorat som primært driv med andre ting enn språkforvaltning og utøving av statens språkpolitikk.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner difor at Språkrådet må halda fram som eit sjølvstendig statleg forvaltningsorgan med eit tydeleg ansvar for norsk språkpolitikk. Skal vi nå dei språkpolitiske målsetnadane Noreg har sett seg, er det behov for meir språkpolitisk kraft – ikkje mindre. Språkrådet må få arbeida fritt på vegner av heile det norske språksamfunnet. Lat Språkrådet vera Språkrådet.

## 9 DIALEKTAPET I NOREG

---

Dei norske dialektane er ein viktig del av den immaterielle norske kulturarven. Dei var òg grunnlaget for gjenreisinga av norsk som skriftspråk, og nynorsk er uløseleg knytt til det norske dialektmangfaldet. Dette mangfaldet er under sterkt press. I dalane på Austlandet føregår det eit regelrett dialektbyte mange stader. Andre stader – på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg – endrar talemåla seg meir gradvis, men ofte slik at sentralaustnorske og bokmålsnære trekk erstattar tradisjonelle og ofte nynorskknære trekk.

Landsmøtet i Noregs mållag meiner at dialektskifte og dialektendringar må løftast i det offentlege ordskiftet. Større merksemd og medvit rundt dette emnet kan bidra til at prosessane kan ta ei anna retning enn dei har no. Det vil òg gagna det nynorske skriftspråket.

## 10 LÆREMIDDEL PÅ NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR

---

Det er framleis for dårleg tilgang på læremiddel for nynorskopplæring for vaksne innvandrarak. Det svekkjer undervisingstilbodet og verkar til å undergrava språkpolitikken i nynorskområde. Mangelen på læremiddel kan føra til at kommunar som har valt nynorskopplæring, går attende til bokmål. Det kan òg hindra at nye kommunar går over til nynorsk. Ei veikare nynorskopplæring kan dessutan medverka til at elevane får eit dårlegare utgangspunkt for å læra norske talemål.

Noregs Mållag vil so snart som råd ta naudsynte steg for å sikra at det kjem fullgode og oppdaterte læremiddel, medrekna fritt tilgjengelege nettressursar, for slik nynorskopplæring, på dei nivåa som er i vanleg bruk kommunane. Arbeidet må innebera

- å halda kontakt med aktuelle fagmiljø og forlag
- å sikra finansiering frå styresmaktene
- å syta for å få nyskrive eller sett om det som trengst av tekstar

## ANDRE VEDTAK FRÅ LANDSMØTET

### VEDTAK OM GRUNNLOVA

---

"Landsmøtet i Noregs Mållag stiller seg bak Grunnlovsframlegg 4 (2023–2024) om å gje norsk språk grunnlovsværn og bed Stortinget om å vedta framlegget til ny § 120 b, som lyder: Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. Bokmål og nynorsk er jamstilte og likeverdige norske skriftspråk."

## LEIARTALEN

Gode landsmøte,

*“Kvart menneske er ei øy, som kjent.*

*Så det må bruer til. Uendeleg mange slags bruer”,* skreiv Tarjei Vesaas.

Språket er den viktigaste brua mellom menneske. Språk er grunnleggjande for kontakt mellom menneske, deltaking i samfunnet, og korleis vi tenkjer og ser på oss sjølve, andre, og verda vi er ein del av.

Nynorsk er kanskje eit mindre språk enn bokmål, men det er eit stort språk i verda. Det er mellom dei 200 største av verdas over 7000 språk. Det har lovfesta rettar, ordbøker, og mange menneske som brukar det kvar dag, og som vil forsvare det. Nynorsken i 2026 står støtt.

Det har aldri blitt skrive meir nynorsk enn no.

Det har aldri vore lettare å vere nynorskbrukar enn no.

Den politiske og kulturelle aksepten er større enn nokon gong. Også i urbane strok. Dei siste åra har det blåse ein nynorskvenleg vind i bokmålsdominerte byar. Den allmenne haldninga til nynorsk er mykje betre enn for femti år sidan, ja, betre enn for berre ti–femten år sidan.

Nynorsken slepp til i stort omfang på område der bokmål dominerer. Sjå berre med Ruter-appen og Vipps som no er på nynorsk, og som gjer det enklare å sjå og møte nynorsk i det digitale. Millionar av brukarar kan få møte meir nynorsk på eit område som i dag er dominert av engelsk og bokmål. Riksavisene slepp i stadig større grad til nynorsken, og viser det sjølvsagte: Nynorsk er eit minst like godt pressespråk som bokmålet.

Det er eit rekordstort Noregs Mållag som er samla til landsmøte denne helga. Vi gjekk inn i 2026 med det høgste medlemstalet på 40 år. Vi landa på 16 426 betalande medlemmer, takk vere systematisk og godt vervearbeid frå både sentrallækken og alle aktivistar, lokal- og fylkeslag. Det motiverer og kveikjer at medlemsauken held fram. Det viser at målsaka er viktig for folk. No er mållaget over 2000 fleire medlemmer enn for fem år sidan, 4000 fleire enn for ti år sidan, og 6000 fleire enn for tjue år sidan.

Eg trur dette kjem av at folk ser at arbeidet vårt verkar. Vi står bak viktige gjennomslag for nynorsken, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Summen av alt arbeidet lokallaga og medlemene våre gjer, er det som tryggjer nynorsken, i dag og i framtida. Summen av alt arbeidet i heile rørsla er mykje større enn det resultatet lokallaga kanskje ser i sitt eige lokalsamfunn i kvardagen.

Fleire medlemmer er med på å gjere dette mogleg. Dei fleste medlemene våre er med i årevis. Det lovar godt for vidare vekst.

.....

Ivar Aasen sa ein gong at *eit godt år er stutt, medan eit vondt er alltid for langt*. Vi har to stutte år bak oss sidan sist vi skipa til landsmøte.

Den nye opplæringslova tok til å gjelde i 2024. Vi fekk gjennomslag for at skriveprogram må kunne nynorsk, og at elevar skal ha rett til å gå i eigne nynorskklasser også i ungdomsskulen. Likevel: Lova forsterkar den digitale læremiddelkrisa for nynorskelevane. Den nynorske skulekvardagen inneheld for mykje bokmål, og digitaliseringa av skulen har gjort problemet større dei siste åra. Nynorskelevar får ofte digitale læremiddel på feil språk.

Vi kravde at også digitale læringsressursar burde vore omfatta av parallellitetskravet – og dermed ha krav på seg om nynorskversjon. Ein læringsressurs er digitale element som kvar for seg er mindre i omfang enn heilskaplege læremiddel, men som samla sett blir brukt mykje i opplæringa. Læremiddelprodusentane lagar gjerne ein eller fleire læringsressursar, heller enn læremiddel for å sleppe å lage nynorskversjon.

Stortinget ville ikkje innfri dette kravet, men bad regjering undersøkje korleis det står til med nynorske læringsressursar i skulen. No viser rapporten at nynorskelevane møter for mykje bokmål. Akkurat slik vi prøvde å fortelje styresmaktene.

Det er umogleg å sjå for seg at kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun ikkje fremjar ei lovendring for Stortinget etter å ha fått denne rapporten på skrivebordet sitt. Nynorskelevane fortener ein likeverdig skulekvardag som bokmåselevane, og denne skulekvardagen må vere nynorsk. Det er heilt avgjerande for kvaliteten på lese- og skriveopplæringa.

Nokre hovudfunn i rapporten er at «det er færre læringsressursar på nynorsk enn på bokmål» og at «det er ofte vanskeleg å finne fram til innhald på nynorsk». Berre 49 av 90 kartlagde læringsressursar er på nynorsk. Av desse igjen er det fleire som inneheld ein mindre del nynorsk, og det er vanskeleg å finne fram til det nynorske innhaldet der dette finst.

Vi er ikkje overraska, og dette stemmer godt overeins med dei tilbakemeldingane vi har fått over tid frå fortvilte elevar, foreldre, lærarar og skuleeigarar i nynorskkommunane.

Vi gjev oss ikkje før opplæringslova reelt sett sikrar nynorskelevane.

\*\*\*

Med lov skal landet byggjast, og den viktigaste lova av dei alle er Grunnlova.

I 2014 fekk vi Grunnlova **på** nynorsk, og no er tida komen for å få nynorsken **inn** i Grunnlova.

Noregs Mållag meiner det er på høg tid å grunnlovfeste norsk som nasjonalt hovudspråk, inkludert jamstillinga mellom bokmål og nynorsk.

I førre stortingsperiode leverte stortingsrepresentant Sveinung Rotevatn frå Venstre, saman med Åse Kristin Ask Bakke frå Ap, Liv Kari Eskeland frå Høgre, Sigbjørn Gjelsvik frå Sp, Ingrid Fiskaa frå SV, Sofie Marhaug frå R, Lan Marie Berg frå MDG og Kjell Ingolf Ropstad frå Krf eit framlegg i Stortinget om grunnlovfesting. Det kjem til handsaming i inneverande periode.

Vi ynskjer at norsk, både bokmål og nynorsk, skal grunnlovfestast som nasjonalt hovudspråk. Det vil vere viktig særleg for nynorsk, som det minste av dei to norske skriftspråka. I dag er det berre samisk (i grunnlovsteksten i eintal) som har eit eksplisitt grunnlovsvorn. I paragraf 114 er norsk språk indirekte grunnlovfesta gjennom kravet om å måtte tale «språket i landet» for å bli utnemnd til embete i staten. I Lov om språk (språklova) blir det slått fast at norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. Det bør også stå i Grunnlova.

I ei globalisert verd treng norsk språk eit sterkare vern enn tidlegare. Det er mange land som ser dette. Ifølgje databasen Constitute finst det 148 land i verda med grunnlover som inneheld føresegner om nasjonalspråk. 97 land har grunnlover med føresegner som på ulike vis vernar språkbruk. Det er i dag meir vanleg at statar omtalar språk i grunnlovene, enn at dei ikkje gjer det.

Dei siste åra har Stortinget gjort mykje for å oppdatere Grunnlova, med mellom anna ei rekkje menneskerettslege føresegner. Ei grunnlovfesting av statusen til det norske språket, medrekna jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, vil vere ei modernisering av Grunnlova.

Den finske grunnlova frå 1999 seier i § 17 første ledd kort og godt at finsk og svensk er Finland sine nasjonalspråk, og inneheld så meir omtale om både samisk, teiknspråk og språket til “romerna och andra grupper”. Den finske grunnlova er den einaste i Norden som inneheld føresegner om språk.

Ei anna form for grunnlovfesting finn vi i den irske grunnlova, som gjev irsk status som nasjonalspråk og første offisielle språk, medan engelsk er det andre offisielle språket. I den franske grunnlova er det slått fast i artikkel 2 at fransk er republikkens språk. I artikkel 75-1 er regionale språk anerkjende som del av Frankrikes [kultur]arv.

I den spanske grunnlova er dei spanske språka verna. Kastiljansk har etter artikkel 3 status som statens språk, medan andre spanske språk (til dømes katalansk og baskisk) har status som offisielle språk i sine område. Alle

dei spanske språka er anerkjende som del av Spanias kulturarv og skal respekterast og vernast. Artikkel 20 om ytringsfridom slår fast at det skal takast omsyn til språkmangfaldet i Spania i mediepolitikken. Slovenias grunnlov slår i artikkel 11 fast at slovensk er det offisielle språket i Slovenia, og at italiensk og ungarsk skal vere offisielle språk i dei kommunane som har befolkning som tilhøyrrer dei italienske og ungarske folkegruppene i landet.

Austerrikes grunnlov slår i artikkel 8 fast at tysk er republikkens språk, men at republikken òg anerkjenner språka til folkegrupper med tradisjonell tilknytning til landet, og at desse språka skal respekterast, vernast og fremjast.

Vår eiga Grunnlov må slå fast at norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg, og at nynorsk og bokmål er jamstilte og likeverdige norske skriftspråk.

\*\*\*

Opp med handa dei i salen som hadde trudd Noregs mest kjende influensar, Sophie Elise, skulle bli ein av landets viktigaste ambassadørar for nynorsk leseglede.

Det har skjedd.

Sophie Elise er ein av dei viktigaste påverkarane i Noreg. At ho jamt framsnakkar nynorske bøker, fører til at fleire unge oppdagar at nynorsk kan vere noko kult, ekte og relevant.

Gjennom ei så enkel setning som “eg elsker nynorsk”, normaliserte ho det mange ungdomar har lært å fnise av eller ta avstand frå. Ho har difor gjort det enklare for unge nynorskbrukarar å vere stolte over eige språk – eller skape interesse hos unge bokmålsbrukarar.

Vi veit at kvar sjette nynorskbrukar opplever negative tilbakemeldingar på at dei skriv nynorsk. For dei under tretti år er talet kvar fjerde nynorskbrukar. Vi veit også at det er ei stor utfordring å fremje leselyst hos born og ungdom. Sophie Elise har valt å bruke marknadsmakta si til å motverke dette. Og ho gir seg liksom ikkje heller. Jamleg les og skriv ho om nynorske bøker - og Samlaget merkar auka interesse for og sal av dei same bøkene. Sminke og samtidslitteratur. Nemn ein meir ikonisk duo.

\*\*\*

Framom Stortingsvalet i fjor gjennomførte vi *Nynorsk i skulen - for alle*-kampanjen vår i heile organisasjonen. Bakgrunnen var at vi var uroa for eit valresultat som ville truge sidemålsordninga slik vi kjenner ho, med obligatorisk opplæring og eigen karakter i skriftleg sidemål. Etter valet slo vi fast: Sidemålsordninga med eigen karakter og eksamen var sikra. Vi hadde fått eit nynorskvenleg stortingsfleirtal.

Men så.

Den siste leiarteigen hadde tittelen *Ei uro er komen over meg*.

Vi hadde høyrte eit rykte om at regjeringa vurderer å redusere talet på norskarakterar. Då lever alltid sidemålskarakteren farleg.

I mars var eg og andre organisasjonar med interesser i norskfaget på eit møte med kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun. Der fekk eg sagt så tydeleg eg berre kan:

**Sidemålsordninga med eigen karakter og eksamen er jamstillingsvedtaket frå 1885 i praksis. Elevane må prøvast eksplisitt i sidemål og kompetansen må vere synleg på vitnemålet.**

Eg var uroa før eg sette meg på flyet og drog til Kunnskapsdepartementet. Premissen for møtet var nettopp at regjeringa vurderer karakterreduksjon. Likevel: Etter møtet blei statsråden ståande med nynorskdelegasjonen langt inn i sitt neste møte for å diskutere korleis vi kan styrkje opplæringa i sidemål.

Har uroen sloppe taket? Nei.

Men eg håpar og trur statsråden og regjeringsapparatet veit kva krefter dei legg seg ut med om dei svekkjer sidemålsordninga - mot målrørsla og det eg vil tru er stortingsfleirtalets vilje.

Eigen karakter i sidemål er heilt avgjerande for at arbeidet med sidemål blir prioritert av lærarar og elevar.

Sidemålsordninga med eigen karakter er jamstillingsvedtaket frå 1885 i praksis. Ho sikrar at alle elevar får lære både bokmål og nynorsk, og i ein karakterstyrt skule må denne kompetansen vere synleg på vitnemålet.

Dessutan:

Vi har faktisk ikkje kunnskap om verknadene av å fjerne sidemålskarakteren i 8., 9. klasse og vg1 og vg2. Eg vil oppmode statsråden om å skaffe denne kunnskapen. Korleis har dette slått ut for prioriteringa av arbeidet med sidemål, for kunnskapen og kompetansen elevane eignar til seg, og for arbeidet lærarane gjer med sidemål.

Vi har hatt sidemålsordninga i 120 år. Det vil vere svært uklokt å gjere endringar før vi veit meir. Ja, det vil vere uansvarleg. Regjeringa bør:

1: Skaffe kunnskap om karakterreduksjon: Har det faktisk ført til seinare start og svakare resultat slik vi får høyre og har grunn til å tru?

2: Gjennomføre eit nasjonalt positivt sidemålsforsøk. Vi veit kva som skal til: Betre kompetanse hos lærarane, tidlegare start med systematisk opplæring, møte nynorsk i andre fag enn norsk, sørge for full tilgang på digitale læremiddel og læringsressursar på nynorsk.

Mange lærarar spelar sjølve inn at dei ikkje kjenner seg trygge i å undervise i og på nynorsk (som sidemål). Vil vi styrkje norskfaget, må vi faktisk styrkje lærarane, og vi vil gjerne melde oss på det laget.

Ja, vi har eit for vidt fritaksregime, men løysinga kan ikkje vere at ingen skal få vurdering? Også dei med fritak frå vurdering skal ha opplæring. Det blir ikkje alltid praktisert i dag. Det er ei undergraving av offisiell norsk språkpolitikk som berre statsråden kan gjere noko med.

Fjernar du sidemålskarakteren for alle, vil færre, ikkje fleire, få lese og skrive seg inn i det norske.

Så får vi sjå korleis dette spelar seg ut, og vi er inviterte til eit nytt møte i Kunnskapsdepartementet i mai. Denne gongen: berre nynorskjengen. Og statsråden - som synest oppriktig å ville gjere sidemålsopplæringa betre. Det er både verdig og rett for ein kunnskapsminister som er like mykje til for nynorsken som bokmålet.

Uansett: Norske elevar må eksplisitt prøvast i sidemål og denne kompetansen må stå på vitnemålet. Punktum.

\*\*\*

Det viktigaste vi gjer for nynorsken - utover å sikre god lese- og skriveopplæring i skulen - er å sørge for at fleire menneske ser og høyrer meir nynorsk i sine bokmålsdominerte kvardagar.

Det handlar om eksponering, eksponering, eksponering.

Vi må møte nynorsk på jobben, i avisa, i bøker, på fjernsynet, i butikkane, på internett, i sosiale medium, i nettbanken, på Vipps, Ruter, og HelseNorge-appen. Ja, i alle appar og berg ut med havet.

Berre slik blir språket meir naturleg for dei som synest det er utilgjengeleg. Om vi ser og møter språket meir, vil dei ålmenne haldningane bli betre, fordomane vil bli svekte - og kompetansen auke.

Mållovsreglane i språklova sikrar at innbyggjarane møter ein viss del nynorsk frå det offentlege. Likevel blir lova broten dagleg. Det er grunnen til at vi i mållaget har vore tydelege på at lova bør ha sanksjonar. Det skal svi å bryte språklova med for lite nynorskbruk.

Målbruk i det offentlege er eit leiaransvar. Om du ikkje klarer å sørge for nok nynorsk i statsorganet du leier, er du ikkje skikka til jobben. Ja, du er beint fram ein lovbrytar.

I 2023 gav vi målblome til Medietilsynet for å framheve det gode språkarbeidet i organisasjonen. Medietilsynet var det einaste statsorganet som oppfylte alle krava i språklova. Ære vere Medietilsynet, men det er ikkje godt nok av

resten - og det er eit politisk ansvar som kviler på kulturminister Lubna Jaffery og regjeringa.

\*\*\*

Det finaste eg veit, er å lese med og for ungane mine. Eg forsøker å finne så mykje nynorsk barnelitteratur som mogleg. Det er ikkje alltid like lett. Heldigvis finst den beste barnelitteraturen på nynorsk. I heimen vår - som i mange andre heimar - er Maria Parr sine univers favoritten. Eg veit ikkje kor mange gongar eg har lese Oskar og Eg. Eller Vaffelhjarte, eller om Glimmerdalens vesle dunder med fart og sjølvtilitt.

Høgskulelektor ved Nynorsksenteret, Arild Torvund Olsen, har i Periskop ein svært interessant artikkel som syner at borna våre vert bada i bokmålsbøker. Han viser til Sommarles der over 170 000 born deltok i 2024.

Eg vil dra fram noko av det Arild Torvund Olsen har funne ut:

63 av bøkene på topp-100-lista er bøker som originalt er skrivne av norske forfattarar, alle på bokmål, medan 37 av dei, til dømes seriar som Amulletten og Gutta i trehuset, er omsette til bokmål frå andre språk. Ingen av bøkene på topp-100-lista er på nynorsk

Nynorskutgjevingane står for kring 10 % av dei nyskrivne norske barne- og ungdomsbøkene frå 2019 til 2023, medan under 2 % av dei omsette bøkene frå perioden er på nynorsk.

Omsette bokseriar for born er populære, men norske forlag gjev i hovudsak berre ut slike seriar på bokmål. Og det handlar om økonomi. Når den noverande kulturpolitikken fører til at under 2 % av dei omsette barne- og ungdomsbøkene kjem på nynorsk, kan det tyde på at det bør på plass ein aktiv omsetjingspolitikk der for å betre stoda.

Frå 2019 til 2023 vart det omsett 37 barnebøker til nynorsk. I same periode vart det omsett 47 bøker til sør-samisk. Dette seier meg kor viktige tilskotsordningane er, og kor gale det blir når ein overlèt barnebøkene til marknadskreftene åleine.

I Stortinget har Joel Ystebø, stortingsrepresentant frå KrF og Hordaland, stilt kulturminister Lubna Jaffery spørsmålet om «regjeringa (vil) ta initiativ til konkrete endringar i innkjøpsordninga og ein meir aktiv omsetjingspolitikk, med mål om å styrkje tilgangen på nynorske barnebøker og ungdomsbøker, særleg serielitteratur, slik at nynorskelevar får eit reelt likeverdig tilbod?»

No har statsråden gjeve eit svar som opnar døra for å gjere noko med utfordringa med for lite nynorsk serielitteratur og omsett barnelitteratur på nynorsk.

Lubna Jaffery svarar mellom anna: «Delen bøker som vert gjevne ut og omsette til nynorsk, er låg. Eg vil arbeide for å styrkje litteraturordningane til Kulturrådet som bidreg til å fremje litteratur på nynorsk. Samstundes er eg open for å sjå nærare på verkemiddelapparatet vi allereie har, og vurdere om nynorsk litteratur kan fremjast på ein endå betre måte.»

Denne døra på gløtt må vi utnytte. Saman med forlaga må vi kome med konkrete framlegg som vil føre til at fleire nynorske bøker vert gjevne ut.

Det må løne seg for norske forlag å gje ut omsett barne- og ungdomslitteratur på nynorsk. Forfattar Anders Totland har kome med eitt framlegg om å fjerna maksgrensa i innkjøpsordninga på éi bok per forfattar per år for nynorske barne- og ungdomsbøker. Det kan absolutt vere eit konkret endring av dagens regelverk.

\*\*\*

På dette landsmøtet skal vi vedta arbeidsprogrammet *Vegen mot Noreg 2050*. Nestleiar Live har leidd arbeidet i nemnda som har utarbeidd det framlegget som styret har gått gjennom og sendt til landsmøtet.

Litt av premissen for arbeidet var at målrørsla må tenkje større.

Eg trur vekst og vinning for nynorsken byrjar med at målrørsla vågar å tenkje dei store tankane.

I november i forfjor var eg i Barcelona med det europeiske nettverket for mindretalsspråk. Der fekk vi mellom anna høyre eit inspirerende føredrag av Jeremy Evas frå den walisiske regjeringa. Walisisk har i dag om lag like mange språkbrukarar som nynorsk. Men no har regjeringa sett seg eit mål om at 1 million menneske skal snakke walisisk innan 2050! Det er sett av fleire titals millionar kroner til tiltaket.

På vegen mot dette offensive målet har dei mellom anna over natta endra standard-innstillingane i programvare frå Microsoft i pc-ar i skulen og i det offentlege til walisisk! Tenk så fint om alle nordmenn vakna til nynorsk språkinnstilling når dei kom på jobb eller skule i morgon! Det kom knapt ei klage i Wales. Det hadde nok gått fint i Noreg også.

Det er på tide at styresmaktene våre vågar å tenkje stort og nytt om språk. Offisiell norsk språkpolitikk er for puslete, og styresmaktene bryt språklova kvar einaste dag. Tenk om nokon rundt Kongens bord berre hadde sagt: Veit de kva, la oss bli ein million nynorskbrukarar i dette landet, og følg det opp med dei pengane og tiltaka som måtte til. Det er den draumen.

For å hjelpe regjeringa: Vi i Noregs Mållag vågar å seie det: Denne helga vedtar vi truleg eit hårete og ambisiøst mål om 1 million nynorskbrukarar i 2050. Det er noko å strekkje seg mot - og viser ambisjonsnivået når vi skal jobbe for å betre kåra for nynorsken. Kvifor skal vi ikkje ha sjølvtilitt nok til å seie at vi bør bli *fleire*?

Språklova frå 2022 slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk. Dette bør opne eit nytt kapittel i norsk språkpolitikk der styresmaktene aktivt favoriserer nynorsken for å jamne ut det skeive tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. Regjeringa må straks setje i gang arbeidet med ein nasjonal strategi for jamstilling av dei to norske språka, med konkrete tiltak og naudsynte løyvingar over statsbudsjettet.

Samstundes kviler det også eit ansvar på oss sjølve. Vi må våge å tenkje stort, krevje meir og føreslå asymmetriske tiltak som verkeleg gagnar nynorsken. I januar hadde sentrallekken vår besøk av Manon Davies frå det walisiske språkrådet. Også dette blei eit inspirerende innblikk i den walisiske språkpolitikken. Særleg merka eg meg korleis ho ikkje snakka om like kår, slik vi ofte gjer om tilhøve mellom bokmål og nynorsk i Noreg. Ho snakka om å "create favourable conditions for welsh" - å lage fordelaktige rammevilkår. Språklova gjev mandat til dette: å innføre asymmetriske tiltak som fremjar og aktivt favoriserer nynorsk, framfor bokmål.

Alt for lenge har vi stått med lua i handa. Takka pent for knappar og glansbilete, kravd for lite. Dei siste åra har vi jobba for ein ekstra million til Noregs Mållag over statsbudsjettet. Når eg har reist over fjellet for å delta i budsjett høyringar, har eg følt at eg måtte prioritere mellom ulike innspel frå Nynorsk forum. No skal eg ikkje lenger be om ein million kroner til oss sjølve, eg vil ha heile lista: Noreg treng eit nynorsk kulturløft på minst 50 millionar kroner, og vi treng det på neste års statsbudsjett. Gudane skal vite at regjeringa brukar langt større summer på langt mindre viktige ting. Om nynorsken var eit fossilt drivstoff, ville Stortinget ha kasta milliardar etter oss.

Eg trur vi går frå dette landsmøtet med eit arbeidsprogram som siktar høgt nok og som er konkret nok, til at regjeringa enkelt kan gjere politikken vår om til røyndom. Det har vore kjekt å sjå at heile organisasjonen har gått inn i dette arbeidet med eitt mål - at Noregs Mållag rettar ryggen og stiller oss spørsmålet: Kva må til for at nynorsken skal få minst like gode kår som bokmålet? Det er det vi må krevje, korkje meir eller mindre.

\*\*\*

Ser vi rundt oss i verda i dag, ser vi meir krig og alvorlege kriser ein tidlegare. Det er krig i Ukraina, i Iran, i Midt-Austen. Og vi ser eit USA og Russland som er ustabile og styrte av einerådige statsleiarar. Det er fleire av oss som opplever ei meir utrygg verd. Og debattar og planar for beredskap og forsvar er langt høgare på dagsorden i samfunnsdebatten enn vi har vore vane med siste åra. Regjeringa har også peika ut 2026 til å vere Totalforsvarsåret.

Når det er alvor og vi drøftar forsvar av landet vårt, forsvar av vår eigen fridom og folkestyre, kan eitt spørsmål presse seg fram: Kvifor skal vi eigentleg bry oss om noko så lite som skulemål, brot på språklova og digital nynorsk, når det er forsvar av landet som står på spel? Blir det ikkje litt smått med språket vårt? Når folk på alvor diskuterer fare for krise og krig for landet vårt?

Til det vil eg seie at det er nettopp i slike tider vi skal halde fram å organisere den norske målrørsla. Eit forsvar av landet vårt handlar også om å ta vare på det vi vil forsvare. Vi vil forsvare eit demokratisk Noreg, med ordskifte og folkestyre og med språkleg mangfald og fridom. Då må vi nettopp ta vår del av ansvaret ved å halde fram arbeidet for nynorsken.

Det er vår del av totalforsvaret av landet vårt.

\*\*\*

Det er sjeldan eg har gledd meg så mykje til eit landsmøte som i år. Vi har eit kjempespennande, interessant og underholdande program, og det skal bli kjekt å vere saman med dykk denne helga.

Når vi reiser heim på sundag, kvar til vårt, håpar eg alle er kveikte til to nye år med målarbeid.

Målsaka er fest og strid om kvarandre. Det er nobelpris den eine dagen og tap i skulemålsrøysting den andre.

Difor er det viktig å halde blikket på målet - i dobbel meining. Vi må sjå den høgare himmelen over alle styremøte, kommunale sakspapir, språkkafear og flygeblad i postkasser.

Vi som er aktive i mållaget i dag, står på skuldrene til menn og kvinner som har kjempa for nynorsken i godt over hundre år. Som har vist vilje til strid. Vi låner organisasjonen vår i eit lite vindaug i ei lang og stolt soge. Vi skal gje både mållaget og nynorsken vidare til nye generasjonar, og saman skal vi sikre den språklege fridomen og berge det språklege mangfaldet for etterkomarane våre.

Tusen takk for at du brukar tida di på Noregs Mållag - for nynorsken og dei norske dialektane.

Takk for at du brukar helga på eit flyplasshotell på Gardermoen - for å meisle ut politikken vi skal kjempe for dei komande fire åra.

Takk for alle seine kveldar, lange møte, purring på medlemspengar og lesarbrev.

Takk, Ivar Aasen for språket du fann og gav oss.

Godt landsmøte!